



SØKNAD OM FORNYA REGULERINGSKONSESJON KRAFTVERKA SVELGEN I OG II

SVELGEN KRAFT AS





Til

NVE
Konsesjonsavdelinga
PB 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Dykkar ref.:
Vår ref.: # 1212005

23.03.2017

Svelgen kraftverk I og II - Søknad om fornying av reguleringskonsesjon

Svelgen Kraft AS søker med dette om fornya konsesjon for vidare regulering av dei magasin og overføringar som kraftverka i Svelgen I og II nyttar og om fortsatt drift av Svelgen I og II, samt at konsesjonen vert gjort tidsubegrensa sidan Svelgen Kraft AS er eit offentleg eigd selskap, jf. vassdragsreguleringslova § 10 nr. 1, jf. industrikonsesjonslova § 2 første ledd. Søknaden gjeld fornya konsesjonar i same omfang som for eksisterande konsesjonar. I medhald av lovgivinga vert det søkt om følgjande:

- Etter vassdragsreguleringslova § 10 om løyve til å regulere desse vatna mellom høgaste regulerte vasstand (HRV) og lågaste regulerte vasstand (LRV). Høgden er NN2000:
 - Vingevatn, reguleringshøgde 24 meter (427,85 - 403,85)
 - Nibbevatn, reguleringshøgde 3,5 meter (401,14 - 397,64), endring frå gjeldande konsesjon
 - Langevatn (SK 369,58), ingen regulering, overført.
 - Sjørdalsvatn, reguleringshøgde 9 meter (271,38 - 262,38), endring frå gjeldande konsesjon
 - Svelgsvatn, reguleringshøgde 15,5 meter (231,61 - 216,11)
 - Langevatn/Vatn 11, reguleringshøgde 23 meter (824,71 - 801,71)
 - Hjelmevatn, reguleringshøgde 33,5 meter (496,86 - 463,36)
- Etter ureiningslova om løyve til gjennomføring av tiltaket.

Med helsing
Svelgen Kraft AS

Jan Inge Erdal
Dagleg

Samandrag

Orientering

Svelgen Kraft AS legg med dette fram søknad om fornya reguleringskonsesjon for reguleringane for Svelgen I (1921) og Svelgen II (1958) kraftverk i Svelgen i Bremanger kommune i Sogn og Fjordane.

Søknaden gjeld regulering av Vingevatnet, Nibbevatnet, Sjørdalsvatnet og Svelgsvatnet som blir utnytta i Svelgen I. Vingevatnet og Nibbevatnet har naturleg avløp til Frøysjøen. Vidare blir avløpet frå Langevatnet, som har naturleg avløp til Myklebustdalen og Ålfoten, overført til magasinet i Sjørdalsvatnet og utnytta i Svelgen I. Svelgen I har ein årsproduksjon på om lag 49 GWh, tilsvarande normalforbruket til ca. 2.500 husstandar.

For Svelgen II gjeld søknaden regulering av Hjelmevatnet som har naturleg avløp til Sjørdalsvatnet og Svelgen, vidare regulering og overføring av avløpet frå Langevatnet/Vatn 11 saman med avløpa frå Tivatnet, Nivatnet, Åttevatnet og Sjuvatnet til Femvatnet. Femvatnet har avløp til Hjelmevatnet medan det overførde avløpet frå dei andre felta har avløp til Førdspollen/Ålfoten. Svelgen II har dei siste 15 åra ein årsproduksjon på om lag 210 GWh, tilsvarande normalforbruket til ca. 10.000 husstandar. Alle reguleringane det blir søkt fornya konsesjon for, er meir detaljert gjort greie for og viste på kart i søknaden saman med vurderingar av konsekvensar reguleringane har hatt og kva det vil få å seie om reguleringane blir nedlagde.

Det blir søkt om at konsesjonane blir gjevne utan tidsavgrensing sidan Svelgen Kraft AS fullt ut er eit offentleg eigd selskap, jf. vassdragsreguleringslova § 10 nr.1, jf. industrikonsesjonslova § 2 første ledd. Ein viser også til Ot.prp. nr. 61 (2007-08) som presiserer at det for offentlege eigarar som hovudregel skal tildelast reguleringskonsesjon utan tidsavgrensing.

Samandrag av konsekvensar for miljø og samfunn

I samband med søknaden om fornya reguleringskonsesjon er det utarbeidd ein eigen miljørapport. Målet med rapporten er at konsesjonsstyresmaktene skal kunne nytte dokumentet til å vurdere kva konsekvensar bygging av kraftverka har hatt, kva som vil vere konsekvensane for miljø og samfunn ved ei eventuell nedlegging av kraftverka, og kva tiltak som kan gjerast for å redusere påverknad ved eventuelle fornya konsesjonar.

Influensområdet for kraftverka ligg i området mellom Bortnen, Svelgen og Ålfoten i Nordfjord. Konsekvensane av kraftverka er knytte til reguleringssoner rundt magasinane, tørrlagde elvestrekningar og fossar som følgje av bygging av overføringar og dammar, og nokre stader auka vassføring, også som følgje av overføringar. Størst konsekvens er kraftverka vurdert å ha for reguleringssona langs Svelgsvatnet og fråført vatn i Storefossen, Svelgsfossen, Hjelmevossen og langs Vingefosselva, der det siste er ein del av landskapsrommet rundt helleristningsfeltet i Vingen landskapsvernområde. Det er lite som tyder på at det biologiske mangfaldet i området har blitt vesentleg påverka av reguleringane, og det ser heller ikkje ut til at rekruttering av fisk i magasinane har blitt særleg påverka som følgje av eventuelle reduserte gyteareal. Det ser derimot ut til at dei fleste magasinane har ein tett og småvaksen fiskebestand som følgje av god rekruttering og lite uttak av fisk. Nokre anadrome vassdrag har fått fråført noko vatn som følgje av kraftverka.

Ei nedlegging av kraftverka vil medføre at magasinane blir tilbakeførde til normal vasstand dersom reguleringssanlegga blir rivne/gjenstøypte. Elvane vil igjen følgje naturlege vassvegar. Dette vil ha mest å seie for landskapsopplevingar i tilknytning til fossar og elvestrekningar, men reguleringssoner vil framleis vere synlege. Det vil også bli positivt for anadrome elvestrekningar som i dag er påverka, men ha mindre verknad for fisk elles i vassdraget.

Ei nedlegging vil på si side medføre negative konsekvensar for samfunnet, mellom anna ved at 259 GWh fell bort frå forsyningsnettet, inntektene til verts- og eigarkommunen forsvinn, arbeidsplassar forsvinn og vassdraga mistar den positive flaumdempande effekten som reguleringa fører til.

Faktisk foreslegne endringar og tiltak ved fornying av konsesjonane

Avbøtande miljøtiltak er vurdert i samband med magasinvasstandar, mogleg slepp av minstevassføring, biotoptiltak i anadrome vassdrag og opprydding i spor etter anleggsarbeida.

Det er ikkje foreslege fysiske endringar i reguleringsområdet når det gjeld sjølve kraftproduksjonen eller manøvreringsregime.

I opphavleg konsesjon for Svelgenvassdraget er det gjeve løyve til å regulere Sjørdalsvatnet mellom kote 277 (HRV) og 257 (LRV), lokale høgder. Reguleringa vert no søkt endra til den faktisk utnyttede reguleringshøgda i Sjørdalsvatnet som i dag, på grunn av dammen og inntaket plassering, er mellom kote 271,38 (HRV) og 262,38 (LRV), NN2000. Tiltakshavar ønskjer og å halde fram den praksisen om å halde magasin Sjørdalsvatn høgare i sommarperioden, slik som det har vore gjort etter at Straumane kraftverk vart sett i drift i 2005.

Ved Nibbevatn er det ikkje etablert dam, berre ein låg terskel. Reguleringshøgda i konsesjonsperioden har ikkje vore utnyttede dei siste to metrane opp til HRV. Tiltakshavar ønskjer no at HRV ved fornying vert liggande på kote 401,14. Det vil seie slik anlegget er bygd i dag.

Det ligg ingen konkrete forslag om minstevassføringsstrekningar i søknaden.

Det er vurdert at biotoptiltak for å betre forholda for fisk kan vere aktuelt å gjennomføre. Tiltakshavar arbeider i dag med gjennomføring av miljøtiltak i Bortneelva, i tråd med dei tiltaka som var foreslegne etter habitatkartlegginga i 2015. Det er gjort tilsvarende habitatkartlegging i Førdeelva i 2015.

Tiltakshavar ønskjer å halde fram med å rydde opp i spor etter tidlegare anleggsarbeid knytt til reguleringane. Dette gjeld særleg skrot i terrenget og på tipper.

INNHALD

OM SVELGEN KRAFT AS	10
1.1 GENERELT	10
1.2 SÆRLEG OM SVELGEN KRAFT AS' ERVERV AV SVELGEN I OG II.....	10
2 BAKGRUNN FOR SØKNADEN MED OVERSIKT OVER KONSESJONANE OG KRAFTVERKA I VASSDRAGET	11
3 TILTAKSOMRÅDET MED EKSISTERANDE ANLEGG	12
3.1 GEOGRAFISK PLASSERING	12
3.2 TEKNISK UTGREIING OM ANLEGGA	12
3.2.1 Oversikt	12
3.2.2 Hydrologiske grunnlagsdata	13
3.2.3 Reguleringar og overføringar	15
3.2.4 Funksjonsmåte for reguleringsanlegga	16
3.2.5 Kraftstasjonane med vassvegar	17
3.2.6 Anleggsvegar og tippar.....	17
4 REGULERINGSKONSESJONAR	18
4.1 TILDELTE REGULERINGSKONSESJONAR - OVERSIKT	18
4.2 SÆRSKILT OM KGL. RES. DATERT 8. JUNI 1967 – OVERFØRING AV LANGEVATN TIL SVELGENVASSDRAGET	18
4.3 MANØVRERINGSREGLEMENT	19
4.3.1 Innhald i reglementet med reguleringsgrenser og –føresetnader	19
4.3.2 Praktisering av reglementet	19
4.3.3 Forventa praktisering i framtida	21
5 KRAFTPRODUKSJON OG REGULERINGSNYTTE	22
5.1 HISTORISK UTNYTTING	22
5.2 DAGENS SITUASJON OG FRAMTIDIG BRUK	23
5.3 ANDRE FORDELER	24
6 OVERSIKT OVER UTGREIINGAR, SKJØNN OG AVBØTANDE TILTAK SOM ER UTFØRDE	24
6.1 MILJØFAGLEGE UTGREIINGAR SOM ER GJORT ETTER AT VASSDRAGA VART REGULER.	24
6.2 SKJØNN.....	26
6.3 AVBØTANDE TILTAK	26
6.4 ETTERUNDERSØKINGAR	27
7 VERKNADER FOR MILJØ, NATURRESSURSAR OG SAMFUNN	27
7.1 GENERELT	27
7.2 HYDROLOGI.....	28
7.3 LANDSKAP.....	28
7.3.1 Generell omtale	28
7.3.2 Svelgen I.....	29
7.3.3 Svelgen II	30
7.3.4 Konsekvensar ved nedlegging av kraftverket	31
7.4 VEGETASJON OG NATURTYPAR.....	31
7.4.1 Influensområde	31
7.4.2 Verdiar i tiltaksområdet	31
7.4.3 Verknadar av Svelgen I	32
7.4.4 Verknadar av Svelgen II	32
7.4.5 Konsekvensar ved nedlegging av kraftverka	32
7.5 FISK OG FERSKVASSORGANISMAR	32
7.5.1 Kunnskapsstatus	32
7.5.2 Influensområde	33
7.5.3 Verdiar i tiltaksområdet	33
7.5.4 Verknadar av Svelgen I	35
7.5.5 Verknadar av Svelgen II	36
7.5.6 Konsekvensar ved nedlegging av kraftverka	36
7.6 KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	37

7.6.1	Verdiar i tiltaksområdet	37
7.6.2	Verknadar av Svelgen I	38
7.6.3	Verknadar av Svelgen II	38
7.6.4	Konsekvensar ved nedlegging av kraftverka	38
7.7	JORD- OG SKOGRESSURSAR	39
7.7.1	Verdiar i tiltaksområdet	39
7.7.2	Verknadar av Svelgen I	39
7.7.3	Verknadar av Svelgen II	39
7.7.4	Konsekvensar ved nedlegging av kraftverka	39
7.8	FERSKVASSRESSURSAR	39
7.8.1	Dagens situasjon i tiltaksområdet	39
7.8.2	Verknadar av Svelgen I og II	39
7.8.3	Konsekvensar ved nedlegging av kraftverka	39
7.9	FRILUFTSLIV OG REISELIV	40
7.9.1	Verdiar i tiltaksområdet	40
7.9.2	Verknader	40
7.9.3	Konsekvensar ved nedlegging av kraftverka	40
7.10	SAMFUNN OG KOMMUNAL ØKONOMI	40
7.10.1	Dagens situasjon	40
7.10.2	Sysselsetjing	41
7.10.3	Kommunal økonomi	41
7.10.4	Konsekvensar ved nedlegging av kraftverka	41
8	MOGELEGE AVBØTANDE TILTAK VED NY KONSESJON - TILTAKSHAVARS	
	TILRÅDING	42
8.1	MAGASINVASSTANDAR	42
8.1.1	Sørdalsvatnet	42
8.1.2	Svelgsvatnet	42
8.2	MINSTEVASSFØRINGAR	43
8.2.1	Fisk og ferskvassbiologi	43
8.2.2	Landskap, friluftsliv og kulturminne	43
8.3	BIOTOPTILTAK I ANADROME VASSDRAG	45
8.4	TIPPAR OG ANDRE FYSISKE SPOR ETTER ANLEGGSEVERKSEMD	46
8.5	ANDRE AKTUELLE TILTAK SOM REGULANT/TILTAKSHAVAR MEINER KAN VERE TIL	
	NYTTE	47
8.6	NYTTE-/KOSTVURDERING FOR MOGELEGE AVBØTANDE TILTAK	48
9	UTFØRDE KONSEKVENSENTGREIINGAR	51
10	REFERANSAR	51

- VEDLEGG 1.** Oversiktskart over Svelgen I og II kraftverk med reguleringar, tippar og anleggsveggar
- VEDLEGG 2.** Oversikt over kraftverka i Svelgen
- VEDLEGG 3.** Reguleringskonsesjonar med manøvreringsreglement
- VEDLEGG 4.** Karakteristiske fyllingskurver for magasina
- VEDLEGG 5.** Kurver for vassføring før og etter utbygging på utvalde stader
- VEDLEGG 6.** Magasintabellar og magasinkart
- VEDLEGG 7.** Rapportar frå etterundersøkingar (eit utval) og habitatkartlegging
- VEDLEGG 8.** Miljørapport med vedlegg. Ligg ved søknaden som eige frittståande vedlegg.
- VEDLEGG 9.** Kart over gjennomførte miljøtiltak i Bortneelva 2016-2017

Kommentar til endringar gjort i dokumentet

- Konsulent har utarbeidd teknisk søknad og konsekvensutgreiing for miljø og samfunn.
- Tiltakshavar har oppdatert mellom anna hydrologisk grunnlagsdata i teknisk del av søknaden. Dette gjer at det er noko avvik frå dei data som ligg i kartvedlegg og konsekvensutgreiinga.

OM SVELGEN KRAFT AS

1.1 Generelt

Svelgen Kraft Holding AS er eit holdingselskap som blei stifta i 2009. I avtale av 30. september 2009 mellom Elkem Energi Kraft AS og Svelgen Kraft Holding AS vart det avtala overdraging av 100 % av aksjane i Elkem Energi Bremanger AS (EEB) frå Elkem-konsernet til Svelgen Kraft Holding AS. Konsesjon for erverv av aksjane vart gitt ved kongelig resolusjon av 17. desember 2010, og transaksjonen vart gjennomført 21. desember 2010. EEB endra på dette tidspunktet namn til Svelgen Kraft AS – SVK (konsesjonær).

Aksjonærene i Svelgen Kraft Holding AS er Sogn og Fjordane Energi AS (56 %), Tafjord Kraftproduksjon AS (34 %) og Sognekraft AS (10 %). På denne bakgrunnen er Svelgen Kraft AS fullt ut eit offentleg eigd selskap, jf. industrikonsesjonslova § 2 første ledd.

Til saman forvaltar Svelgen Kraft AS ein årsproduksjon på 685 GWh fordelt på kraftverka Svelgen I, Svelgen II, Svelgen III, Svelgen IV, småkraftverket Straumane og mikrokraftverket Fossekallen.

Svelgen I og II med tilhøyrande fall og rettar har fram til 1. juli 2014 vorte leigde frå Statkraft Energi AS og leigeforholdet var nærare regulerte i ein leigeavtale datert 19. september 2000. Leigeavtalen vart inngått på stortingsbestemte vilkår og føresetnader gjennom Stortingets handsaming av St.prp. nr. 52 (1998-99) med vidare. Den 20. juni 2014 vart det i Statsråd gjeve ervervskonsesjon til Svelgen Kraft AS for kraftverka Svelgen I og II, slik at eigarskap og driftsansvar no ligg hos Svelgen Kraft AS. Svelgen III, Svelgen IV og Straumane kraftverk er eigd av Svelgen Kraft AS.

1.2 Særleg om Svelgen Kraft AS' erverv av Svelgen I og II

Som det går fram av punktet ovanfor, leigde Svelgen Kraft AS tidlegare Svelgen I og II frå Statkraft Energi AS med varigheit fram til 31. desember 2030. Ved avtale av 3. september 2013 inngjekk Svelgen Kraft AS og Statkraft Energi AS ei avtale om Svelgen Kraft AS' erverv av dei leigde kraftverka Svelgen I og II. Som eit resultat av dette ville også leigeforholdet til Svelgen I og II verte avvikla ved gjennomføring av avtalen.

Søknad om konsesjon etter industrikonsesjonslova blei på denne bakgrunn innsend til Olje- og energidepartementet ("OED") 26. september 2013 og tillatelse til erverv av fallrettane som vert utnytta i kraftverka Svelgen I og Svelgen II i Svelgenvassdraget og Hjelmevassdraget vart gitt ved kongelig resolusjon av 20. juni 2014. Avtalen om overdraging av fallrettar og anlegg knytt til Svelgen I og II vart gjennomført 30. juni 2014 og det vil vere naturleg at dei nye reguleringskonsesjonane blir tildelte Svelgen Kraft AS utan tidsavgrensing i tråd med hovudregelen i vassdragsreguleringslova § 10 nr. 1.

Svelgen Kraft AS' har rekna med at søknad om konsesjon for erverv av Svelgen I og II etter industrikonsesjonslova vil i tid liggje føre før ei avgjerd knytt til dei nye reguleringskonsesjonane. På denne bakgrunn er det difor i konsesjonssøknaden til OED etter industrikonsesjonslova bede om departementets samtykke til at dei midlertidige vedtaka¹ reguleringskonsesjonane blir ytterlegare vidareførde fram til søknaden om reguleringskonsesjonar er avgjort. Slikt samtykke er gitt i kongelig resolusjon av 20. juni 2014 i punkt 2:

«2. I medhold av lov 14. desember 1917 nr. 17 om vassdragsreguleringer gis Svelgen Kraft AS midelertidig tillatelse til å videreføre reguleringer og overføringer for Svelgen I og II på gjeldende vilkår inntil søknad om fornyede reguleringskonsesjoner er avgjort.»

2 BAKGRUNN FOR SØKNADEN MED OVERSIKT OVER KONSESJONANE OG KRAFTVERKA I VASSDRAGET

Oversikt over kraftverka Svelgen I og II med tilhøyrande reguleringar er vist i vedlegg 1 og 2.

AS Bremanger Kraftselskab, som var Christiania Spigerverks og seinare Elkems rettsforgjengar, fekk konsesjon til erverv og utbygging av Svelgenvassdraget i 1915. Konsesjonen blei gitt i 65 år med heimfallsklausul. Fall og anlegg skulle etter dette heimfalle til staten i 1980. I medhold av konsesjonen blei Svelgen I kraftverk bygt.

I 1957 blei det inngått avtale mellom staten og Christiania Spigerverk om føregripe heimfall og tilbakeleige av Svelgen I med alle vassdragsrettar. Etter avtalen skulle anlegga heimfalle straks, men det blei inngått leigeavtale mellom partane om at staten skulle leige bort dei same fallrettane, anlegga m.m. som hadde heimfalle, mellom anna Svelgen I kraftverk, til Christiania Spigerverk fram til 1995.

Etter heimfallsavtalen og seinare reguleringskonsesjonar, mellom anna i 1956, bygde Christiania Spigerverk Svelgen II kraftverk og fekk disposisjonsrett til dette kraftverket også til 1995. Deretter skulle også Svelgen II heimfalle vederlagsfritt til staten.

Reguleringskonsesjonar som er tildelt for utnytting i Svelgen I og II er som følgjer:

- Løyve til å regulere Svelgenvassdraget tildelt ved Kronprinsregentens resolusjon av 16. mars 1956
- Løyve til å overføre Nipevatn til Svelgenvassdraget tildelt ved Kronprinsregentens resolusjon av 6. juli 1957
- Planendring for overføring av Nipevatn til Svelgenvassdraget tildelt ved Kronprinsregentens resolusjon av 20. desember 1957
- Løyve til å regulere Langevatnet i Førdevassdraget og å overføre avløpet til Svelgenvassdraget tildelt ved kongeleg resolusjon av 13. mai 1966
- Løyve til å regulere og overføre Vingevatn og Nibbevatn med vidare tildelt ved kongeleg resolusjon av 8. juni 1967

Statens rettar og plikter etter heimfallsavtalen blei overførde til Statkraft SF frå 1. januar 1992. I 1993 blei det inngått avtale mellom Statkraft SF og Elkem AS om å forlenge heimfallsavtalen ut 2010.

I 1995 blei det inngått avtalar mellom Elkem AS og Statkraft SF om at Elkem AS skulle drive kraftanlegga Svelgen I og II for Statkraft SF og kjøpe kraftproduksjonen frå anlegga fram til utgangen av 2010. Gjennom denne avtalen blei heimfallsavtalen og forlengingsavtalen frå 1993 oppheva. Av avtalen går det fram at Statkraft SF, som eigar av anlegga, skulle søkje om nye reguleringskonsesjonar for dei reguleringane som blei utnytta i Svelgen I og II sidan Elkem AS' konsesjonar gjekk ut i 1995.

I 1999 og 2000 blei Elkem AS tilbydd ny leigeavtale for Svelgen I og II for ein ny periode frå 2010 til utgangen av 2030. Ny leigeavtale blei etter dette inngått 19. september 2000. Leigeavtalen føreset at Elkem AS blant anna blir tildelt reguleringskonsesjonar etter vassdragsreguleringslova i tillegg til andre naudsynte løyve. Elkem AS fekk etter dette mellombels løyve til vidare drift av kraftverka Svelgen I og II med tilhøyrande reguleringsanlegg gjennom OEDs vedtak datert 17. mars 2004.

I 2004 oppretta Elkem AS eit separat dotterselskap, Elkem Energi Bremanger AS (EEB), som overtok eigedomsretten til Svelgen III (bygt i 1963) og Svelgen IV (bygt i 1973), og bruksretten til Svelgen I og II. Etter søknad i 2004 om unntak frå konsesjonsplikt og forkjøpsrett m.m. i samband med omstruktureringer i Elkemkonsernet, fekk EEB i 2005 erverve fallrettane som blei utnytta i Svelgen III og IV og bruksrett til falla i Svelgen I og II.

Som nemnt i punkt 1.2 erverva Svelgen Kraft Holding AS i 2009/2010 aksjane i EEB/Svelgen Kraft AS. EEB endra då namn til Svelgen Kraft AS. Ervervet blei konsesjonshandsama ved Kgl.res. datert 17. desember 2010, mellom anna med endring av konsesjonsvilkår og overføring av leigeavtalar for fall m.m. Gjennom dette vedtaket blei det også bestemt at førebels løyve datert 17. mars 2004 om å halde fram reguleringane skulle vidareførast inntil søknad om nye reguleringskonsesjonar var avgjort. Svelgen Kraft AS sitt erverv av Svelgen I og II vart godkjent 20. juni 2014 og førebels løyve om å halde fram reguleringane vart vidareført.

Reguleringskonsesjonar med manøvreringsreglement ligg i vedlegg 3.

3 TILTAKSOMRÅDET MED EKSISTERANDE ANLEGG

3.1 Geografisk plassering

Dei utbygde vassdraga og reguleringane er viste på vedlegg 1 og 2.

Svelgen ligg om lag 25 km nordaust for Florø i luftlinje. Kortaste køyrerute er ca. 60 km etter Rv 5 og Rv 614. Vassdraga og reguleringsanlegga ligg nordaust for Svelgen.

Svelgenvassdraget har utløp i Svelgen, inst i Nordgulen; Vingevatnet og Nibbevatnet har naturleg utløp i Vingepollen (Frøysjøen). Avløpet frå Langevatnet, som er overført til Sjørdalen og blir utnytta i Svelgen I, renn naturleg til Myklebustdalen og ut i sjøen ved Ålfoten, medan avløpet frå overføringane til Hjelmevatnet som blir utnytta i Svelgen II, renn naturleg til Førdspollen inst i Ålfoten. Nedbørfelta til kraftverka er i alt ca. 76 km² med eit midlere årsavløp på ca. 328 mill. m³.

3.2 Teknisk utgreiing om anlegga

3.2.1 Oversikt

Sjå vedlegg 1 og 2.

Svelgenvassdraget er utbygt med kraftverka Svelgen I og Svelgen II som blei sette i drift høvesvis i 1921 og 1958. Dessutan er Indrehusvassdraget og dei overførte vatna frå Haukåvassdraget og Norddalsvassdraget utbygd med Indrehus kraftverk eller Svelgen III. Det blei sett i drift i 1963. I tillegg er Norddalsvassdraget og Risevassdraget bygd ut i Svelgen IV som blei sett i drift i 1972. Småkraftverket Straumane i Sjørdalen blei sett i drift i 2005 og mikrokraftverket Fossekallen i år 2007. Til Svelgen II er overført avløpet frå eit ca. 12,1 km² stort nedbørfelt som naturleg drenerer til Ålfoten. Til Svelgen I er overført avløp frå ca. 3,1 km² som drenerer til Ålfoten og ca. 7 km² som har avløp til Frøysjøen, sjå og tabell 2. Vidare er det bygt reguleringsmagasin i Svelgsvatnet, Sjørdalsvatnet, Nibbevatnet, Vingevatnet, Hjelmevatnet og Langevatnet, sjå og kapittel 3.2.3.

Tabell 1. Hovuddata for kraftverka

1. Tilløpsdata, referert perioden 1961-90		Svelgen I	Svelgen II	Straumane
Nedbørfelt, inkl. overføringar	km ²	31,5	44,6	22,1
Midlere tilløp	mill. m ³	107,0	218,8	73,2
Magasin	mill. m ³	44,8	87,2	34,1
2. Stasjonsdata				
Midlere brutto fallhøgde	m	223,0	480,0	38,0
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	0,435	1,075	0,087
Maksimal slukeevne	m ³ /s	7,0	7,5	4,8
Maksimal yting	MW	11	29	1,45
Brukstid	timar	4 600	7 900	5 100
3. Produksjon, gjennomsnitt for perioden				
Årleg produksjon 1973 - 2012				
Vinter	GWh	34	129	4,3
Sommar	GWh	15	81	1,7
Sum	GWh	49	210	6,0


3.2.2 Hydrologiske grunnlagsdata

Det hydrologiske grunnlaget for normalavløpa i dei enkelte delfelta er NVEs REGINE-database for den hydrologiske normalperioden 1961-90. Regulert og overført nedbørfelt, tilsig og restvassføring i dei enkelte delfelta er rekna ut som vist i tabellen nedanfor:

Tabell 2. Nedbørfelt og avløp

Felt	Regulert/ restvassføring	Elv		Areal km ²	Tilslig			Magasin mill.m ³	Regine eining
		Namn	Namn på fjord		l/s/km ²	m ³ /s	mill. m ³		
Langevatnet/Vatn 11	Regulert	Svelgen 2	Nordgulen	2,45	162,72	0,40	12,55	7,2	086.61AB
Langevatnet/Vatn 11	Restvassføring	Førdeedalselva	Ålfotfjorden	1,14	136,76	0,16	4,91	-	086.61B20 og 086.61AA
Ni-vatn	Regulert	Svelgen 2	Nordgulen	4,63	170,21	0,79	25,17	-	086.61B2B og 086.61B2C
Ni-vatn	Restvassføring	Førdeedalselva	Ålfotfjorden	1,62	116,83	0,19	6,57	-	086.61B2A og 086.61B40
Åtte-vatn	Regulert	Svelgen 2	Nordgulen	1,57	165,45	0,26	8,02	-	086.61B4B og 086.61B4C
Åtte-vatn	Restvassføring	Førdeedalselva	Ålfotfjorden	0,30	113,87	0,03	1,09	-	086.61B4A
Sju-vatn	Regulert	Svelgen 2	Ålfotfjorden	3,43	172,75	0,59	18,69	-	086.61B8 og 086.61B7
Sju-vatn	Restvassføring	Førdeedalselva	Ålfotfjorden	2,65	113,74	0,30	9,41	-	086.61B6 og 086.61B5
Restfelt Førdeelva	Restvassføring	Førdeedalselva	Ålfotfjorden	12,17	110,27	1,34	40,10	-	086.61A0 og 086.61B1 og 086.61B3
Sum Førdeelva som er overført	Regulert			12,08		2,04	64,43		
Sum Førdeelva som ikkje er overført	Restvassføring			17,88		2,02	62,08		
Prosent Førdeelva som er overført				40 %		50 %	49 %		
Hjelmevatnet	Regulert	Svelgenvassdraget	Nordgulen	32,52	150,45	4,89	154,38	80,0	086.2C1B
Hjelmevatnet	Restvassføring	Svelgenvassdraget	Nordgulen	2,03	133,62	0,27	8,54	-	086.2C1A
Sum Svelgen II				44,60		6,93	218,81	87,2	
Vingevatnet	Regulert	Svelgen 1	Nordgulen	5,54	112,05	0,62	19,60	26,4	086.31B
Vingevatnet	Restvassføring	Vingeeelva	Frøysjøen	2,51	106,75	0,27	8,45	-	086.31A
Nibbevatnet	Regulert	Svelgen 1	Nordgulen	1,79	85,64	0,15	4,84	1,5	086.3AAB
Nibbevatnet	Restvassføring	Bortneelva	Frøysjøen	0,48	100,42	0,05	1,51	-	086.3AAA
Langevt. (kote 368)	Regulert	Svelgen 1	Nordgulen	3,01	86,73	0,26	8,24	-	086.5F
Langevt. (kote 368)	Restvassføring	Ålfotvassdraget	Ålfotfjorden	3,47	97,56	0,34	10,69	-	086.2D
Sjørdalsvatnet	Regulert	Svelgen 1	Nordgulen	6,24	112,92	0,48	40,49	6,2	086.2C2, 086.2C12, 086.2C11
Sjørdalsvatnet	Restvassføring	Svelgenvassdraget	Nordgulen	-	-	-	-	-	
Sum Straumane kraftverk				22,08		1,51	73,17	34,1	
Svelgsvatnet	Regulert	Svelgen 1	Nordgulen	9,42	113,81	1,07	33,82	10,7	086.2B
Svelgsvatnet	Restvassføring	Svelgenvassdraget	Nordgulen	1,60	91,99	0,15	4,63	-	086.2A
Sum Svelgen I				31,05		2,59	106,99	44,8	
Total mengd restvatn i Svelgen I				8,06		0,80	25,28		
Prosent restvatn i Svelgen I				26 %		29 %	24 %		

Den mest aktuelle målestasjonen i området for hydrologiske utrekningar er vurdert å vere vassmerke 86.1 Risevatn.



Figur 1. VM 86.1 Risevatn markert på kartet

Vassmerket har uregulert serie frå 1928 til 1972. Elles finst det ein del magasinmålingar, men dei kan ikkje brukast for å vise uregulert tilløp. Månadsfordelinga for vassmerket er slik:

Tabell 3. VM 86.1 - Avløpsfordeling

Månad	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	År
% av årsavløpet	5	3	4	4	10	14	11	9	13	12	8	7	100

3.2.3 Reguleringar og overføringar

Det er bygt reguleringsanlegg og overføringsanlegg for Svelgen I og II kraftverk som gjort greie for nedanfor (konsesjonsgitte lokale høgder):

Tabell 4. Magasinoversikt

Magasin	NV m o.h.	HRV m o.h.	LRV m o.h.	Magasin mill. m ³	Neddemt ved HRV km ²	Tørrlagt ved LRV km ²	Byggeår
Svelgsvatnet	223,0	229,50	214,00	10,7			1928/1997
Sørdalsvatnet ¹⁾	270,0	277,00	257,00	6,2			1958/2013
Nibbevatnet ²⁾	401,0	403,50	398,00	1,5	0,01	0,30	1967
Vingevatnet	422,0	427,50	404,50	26,4	0,10	0,01	1967
Hjelmevatnet	274,5	495,50	460,33	80,0			1952/2001
Langevatnet/Vatn 11	829,0	832,00	809,00	7,2	0,01	0,01	1967/2010

¹⁾ Sördalsvatnet blir utnytta mellom kote 261,0 og kote 270,0, ²⁾ Nibbevatnet blir utnytta mellom kote 398,00 og 401,50 (desse tala er også konsesjonsgitte lokale høgder)

3.2.3.1 Dammar

Dam Hjelmevatn er bygd i betong med største høgde 23,5 m og lengde 113 m. Dammen er bygd som eit kvelv på midten og gravitasjonsdammar med overløp på begge sider. Senkinga skjer via tilløpstunnelen til Svelgen II kraftverk. Dammen blei bygd i 1952 og ombygd i 2001. Dammen er klassifisert i damklasse 3.

Dam Svelgsvatn er ein betongdam med største høgde 10 m og kronelengde 93 m. Dammen blei bygd i 1928 og er i damklasse 3. Dammen blei rehabilitert i 1997.

Dam Sördalsvatn er ein betongdam med største høgde 9 m og kronelengde 42 m. Dammen blei bygd i 1958 og er i damklasse 3. Dammen blei rehabilitert i 2013.

Dam Vingevatn er ein betongdam med største høgde 8 m og kronelengde 23 m. Dammen blei bygd i 1967 og er i damklasse 1.

Dam Langevatn er ein tredam/fyllingsdam med største høgde 2 m og kronelengde 8 m. Dammen blei bygd i 1967 og er i damklasse 1.

Anlegga er i normal god stand.

3.2.3.2 Overføringar

Avløpet frå Langevatnet kote 829,0 og tre andre delfelt i Førdevassdraget, Ålfoten, i alt 12,1 km² med årleg avløp 64,43 mill. m³, er overført til Hjelmevatnet via fire korte overføringstunnelar på til saman ca. 1750 m.

Avløpa frå Vingevatnet som har avløp til Sördalen/Vingepollen og Nibbevatnet med avløp til Skora/Bortnepollen, høvesvis 5,5 og 1,8 km², er overførde via Langevatnet (kt. 369,58) som er 3,0 km² til Svelgenvassdraget via korte tunnelar. Samla overførd vassmengde er 32,7 mill. m³ pr. år.

3.2.3.3 Vasstandar og restvassføringar

Gjennomsnittsverdiar for restvassføringar i vassdraga er vist ovanfor i tabell 2. Det er ingen konsesjonsfastsette krav til minstevassføringar. Sidan også flaumtapa er små og sporadiske, vil difor den beste målestokken for variasjonen over året for avløpet frå restfelta vere det same som for det vassmerket som er rekna som mest representativt, VM 86.1, slik det er vist ovanfor i tabell 3. Korleis vassdekka areal er endra i elvane etter overføring, kan ikkje rekonstruerast no.

Karakteristiske vasstandsvariasjonar for magasina er vist nedanfor i figur 2 og 3 samla for magasina til Svelgen I og samla for Svelgen II. I vedlegg 4 er også vist fyllingskurver for kvart enkelt magasin. Det finst ikkje lenger grunnlag for å rekonstruere magasinkart, men magasintabellar som viser magasin-volum som funksjon av vasstand (magasinkurver) er vist i vedlegg 4. Nye magasinkart og magasintabellar er utarbeidd og ligg i vedlegg 6.

3.2.3.4 Fyllingshistorikk for magasina

I vedlegg 4 er vist fyllingshistorikk for magasina for ulike hydrologiske år. Kurvene viser at det kan vere stor skilnad i fylling utover sommaren mellom våte og tørre år, sjå og figur 2 og 3.

3.2.4 Funksjonsmåte for reguleringsanlegga

Reguleringsanlegga med magasin og overføringar gjer at tilløpet til kraftstasjonane er godt regulert med ein samla magasinprosent for Svelgen I på ca. 42 % og for Svelgen II på ca. 40 %. Magasina har difor i hovudsak vore manøvrert som ordinære årsmagasin som har blitt fylt opp i sommarhalvåret og tappa om vinteren.

Kraftverka med reguleringar blei bygde for å forsyne industrien i Svelgen med kraft og har framleis denne funksjonen. Manøvreringa av reguleringsanlegga har difor blitt retta mot dette formålet, det vil seie slik at kraftstasjonane har gått med bortimot jamn last gjennom året samla sett. Samkøyring har delvis endra dette mønsteret, noko som venteleg vil bli meir typisk når nettet blir ytterlegare forsterka.

Det er ingen restriksjonar på bruken i dag, heller ikkje krav til minstevassføring i elvane, men eigarane har så langt ikkje valt å utnytte konsedert regulering i Sjørdalsvatnet fullt ut slik konsesjonen gjev høve til.

3.2.5 Kraftstasjonane med vassvegar

Svelgen I kraftstasjon blei sett i drift i 1921 og har installert to horisontale peltonaggregat. Kraftstasjonen ligg i dagen og utnyttar eit midlere brutto fall på 223 m frå Svelgsvatnet til fjorden. Samla maksimal yting er på 10,0 MW for ei vassføring på 7,0 m³/s. Samla magasin er ca. 45 mill. m³ som utgjer ca. 42 % av midlere års tilløp. Kraftstasjonen blir i hovudsak køyrt på beste virkningsgrad, ca. 50-80 % av maksimal last. Under flaum blir maksimal slukeevne utnytta fullt ut. Kraftstasjonen kan også køyrast ned på f. eks. 10 % av maksimal last, men dette er sjeldan aktuelt.

Tilløpstunnelen er 1 430 m med tverrsnitt 4,5 m² frå inntaket til utjammingsbassenget. Vidare blir vatnet ført i ufôra trykksjakt til kote 79,0 og nedst i røyr til kraftstasjonen.

Svelgen I har gamle aggregat som må skiftast ut. Anlegget har også smisveist røyrgate med krav om tiltak, ev. utskifting, for vidare drift. Det har vore arbeidd med ulike planar for rehabilitering og fornying. I brev til NVE av 17.12.2015 har Svelgen Kraft AS søkt om ny anleggskonsesjon med installert yting 9,9 MVA og ombygging til 22 kV. Dette alternativet medfører bygging av ny vassveg mellom Borgestad og kraftstasjonen.

Svelgen II kraftstasjon blei sett i drift i 1958 og har installert to horisontale peltonaggregat. Kraftstasjonen utnyttar eit midlere brutto fall på 480 m frå Hjelmevatnet til fjorden og har ei samla maksimal yting på 29 MW for ei vassføring på 7,5 m³/s. Samla magasin er ca. 87 mill. m³ som utgjer ca. 40 % av midlere årstilløp. Kraftstasjonen blir for det meste køyrt på 85-100 % av maksimal last. Under flaum blir maksimal slukeevne utnytta fullt ut. Kraftstasjonen kan også køyrast ned på f. eks. 20 % av maksimal last, men dette er sjeldan aktuelt.

Tilløpstunnelen er 5 000 m med tverrsnitt 5 m² frå inntaket til utjammingsbassenget. Vidare blir vatnet ført i stålfôra trykksjakt til kraftstasjonen som ligg i fjell.

Kraftverka blir styrt frå Sogn og Fjordane Energi sin driftssentral på Sandane, men kan også styrast lokalt i Svelgen.

3.2.6 Anleggsvegar og tippar

Mykje av arbeida er utført veglaust, eller med korte avgreiningar frå eksisterande vegnett, jf. vedlegg 1. I dette vedlegget er også vist plassering av tunneltippar som ligg igjen etter anleggsdrifta, i alt 19 stk. Tippane er for det meste små og delvis tilgrodde. Anleggsvegane blir haldne ved like etter det behovet kraftverka har og er opne til bruk for ålmenta, men stengde for ålmenn motorisert ferdsel.

4 REGULERINGSKONSESJONAR

4.1 Tildelte reguleringskonsesjonar - oversikt

Som nemnt under punkt 2 er følgjande reguleringskonsesjonar tildelt for utnytting i Svelgen I og II kraftverk (sjå vedlegg 3):

1. Løyve til å regulere Svelgenvassdraget tildelt ved Kronprinsregentens resolusjon av 16. mars 1956
2. Løyve til å overføre Nipevatnet til Svelgenvassdraget tildelt ved Kronprinsregentens resolusjon av 6. juli 1957
3. Planendring for overføring av Nipevatnet til Svelgenvassdraget tildelt ved Kronprinsregentens resolusjon av 20. desember 1957
4. Løyve til å regulere Langevatnet i Førdevassdraget og å overføre dette til Svelgenvassdraget tildelt ved kongeleg resolusjon av 13. mai 1966
5. Løyve til å regulere og overføre Vingevatnet og Nibbevatnet med vidare tildelt ved kongeleg resolusjon av 8. juni 1967

Alle desse reguleringskonsesjonane blei i utgangspunktet tildelt fram til 23. april 1995. Som nemnt under punkt 2 blei likevel alle konsesjonane vidareførde på uendra vilkår gjennom OEDs vedtak av 17. mars 2004, 17. desember 2010 og 20. juni 2014.

4.2 Særskilt om Kgl. res. datert 8. juni 1967 – overføring av Langevatn til Svelgenvassdraget

Konsesjonen som er tildelt ved kongeleg resolusjon av 8. juni 1967 gjev løyve til å regulere Vinge- vatnet og Nibbevatnet og å overføre avløpet via Langevatnet til Svelgenvassdraget. Konsesjonen gjev også løyve til å overføre Langevatnet uregulert til same vassdrag. Om overføringa av Langevatnet til Svelgenvassdraget framgår følgjande særlege vilkår av konsesjonens punkt 1:

"Tillatelsen for overføring av Langevatn kan tilbakekalles etter nærmere bestemmelse av departementet ved en eventuell utbygging eller overføring av Myklebustvassdraget."

Det siterte konsesjonsvilkåret er eit resultat av at Christiania Spigerverk i den aktuelle konsesjons- søknaden datert 20. juni 1966 søkte om ein slik "... midlertidig tillatelse til å overføre Langevatn uregulert til Svelgen inntil Myklebustvassdraget eventuelt bygges ut." Det aktuelle konsesjonsvilkåret kom altså inn i konsesjonen etter Christiania Spigerverks eige ønske.

Det er ikkje søkt om tilbakeføring av Langevatnet til Myklebustvassdraget per i dag, og det vert difor søkt om tidsuavgrensa reguleringskonsesjon i denne fornyingssaka.

4.3 Manøvreringsreglement

4.3.1 Innhald i reglementet med reguleringsgrenser og –føresetnader

Reguleringskonsesjonane i vassdraget som denne søknaden gjeld, er gjevne slik (lokale høgder):

Tabell 5. Konsederte magasin

Magasin	NV, m.o.h.	HRV, m.o.h.	LRV, m.o.h.	Magasin, mill. m ³	Konsesjonsdato
Svelgsvatnet	223,0	229,50	214,00	10,7	16. mars 1956
Sørdalsvatnet	270,0	277,00	257,00	6,2	16. mars 1956
Nibbevatnet	401,0	403,50	398,00	1,5	8. juni 1967
Vingevatnet	422,0	428,50	404,50	26,4	8. juni 1967
Hjelmevatnet	475,5	495,50	460,33	80,0	16. mars 1956
Langevatn/Vatn 11	829,0	832,00	809,00	7,2	13. mai 1966

I to av magasinane vert ikkje heile reguleringa utnytta, sjå fotnotar i tabell 4 Magasinoversikt.

Avløpet frå følgjande nedbørfelt er tillate overført til Svelgen I og II:

Tabell 6. Overføringar


Namn	Areal, km ²	Konsesjonsdato
Langevatnet, Førdevassdraget	2,45	13. mai 1966
Ni-vatn (inkl. Nipevatn), Førdevassdraget	Ikkje oppgitt i kons. (4,63 km ² etter kart)	6. juli 1957
Åtte-vatn, Førdevassdraget	Ikkje oppgitt i kons. (1,57 km ² etter kart)	6. juli 1957
Sju-vatn, Førdevassdraget	Ikkje oppgitt i kons. (3,43 km ² etter kart)	6. juli 1957
Vingevatnet, Vingeelva	5,5	8. juni 1967
Nibbevatnet, Bortneelva	1,8	8. juni 1967
Langevatnet, Myklebustdalen	3,1	8. juni 1967

4.3.2 Praktisering av reglementet


Manøvreringsreglementet inneheld ingen restriksjonar på tappinga. Magasina blir difor tappa etter det behovet kraftverka har. Det blir lagt vekt på at flaumar ikkje skal aukast, og at ikkje tørrlagde elveløp blir tilførde større vassmengder for raskt.

Manøvreringa var tidlegare i stor grad retta mot behovet ved smelteverket i Bremanger slik at køyringa langt på veg var jamn heile året. Etter innføring av ny energilov i 1991, er drifta av kraftverka og magasinane i større grad enn før tilpassa marknaden for elektrisk kraft.

Nedanfor i figur 2 og 3 er vist korleis den historiske magasinfyllinga gjennom året har vore i ulike hydrologiske år i gjennomsnitt for magasinane. Figur 2 viser magasinane for Svelgen I, summert for Svelgsvatnet, Sørdalsvatnet, Nibbevatnet og Vingevatnet. Figur 3 viser magasinane for Svelgen II, summert for Hjelmevatnet og Langvatn/Vatn 11. I vedlegg 4 del 2 er også vist fyllingsstatistikk for magasinane enkeltvis.



Figur 2. Historisk magasinfylling Svelgen I.



Figur 3. Historisk magasinfylling Svelgen II

4.3.3 Forventa praktisering i framtida

Det blir lagt til grunn at det ved fornying av konsesjonane i all hovudsak ikkje blir gjort endringar i eksisterande reglement og at magasinane blir utnytta ut frå det behovet kraftverka har og ut frå den utviklinga kraftmarknaden har til ei kvar tid.

For Sjørdalsvatnet vil ein i framtida halde fram å regulere mellom kote 271,38 og 262,38 (NN 2000), slik praksisen har vore etter at Straumane kraftverk vart sett i drift i 2005.

Ved Nibbevatn er det ikkje etablert dam, berre ein låg terskel. Reguleringshøgda i konsesjonsperioden har ikkje vore utnytta dei siste to metrane opp til HRV. Tiltakshavar ønskjer no at HRV ved fornying vert liggande på kote 401,14. Det vil seie slik anlegget er bygd i dag.

Dei andre magasinane vil ein manøvrere på lik linje med dagens praksis og det er ikkje knytt andre endringar til desse.

Den allmenne verdien magasinane har med å dempe flaumar, vil generelt også vere av interesse for kraftverka for å unngå vasstap.

I kapittel 8 er referert forslag til avbøtande tiltak frå miljørapporten og tiltakshavars eigne vurderingar av dei enkelte forslaga, sjå også miljørapportens kapittel 11. Som det går fram av kapittel 8, særleg 8.2, ser tiltakshavar det som uheldig og særleg produksjons- og kostnadskrevjande å innføre og leggje til rette for tapping av minstevassføring. Dette skuldast dels at magasinane for ein stor del er senkingsmagasin der slepp av vatn er ekstra kostnadskrevjande og vanskeleg å få til praktisk, dels fordi vasslepp berre har marginal nytte for biologiske verdiar og såleis berre vil tene som «parkvatn». Gjennom EU sitt vassdirektiv er det eit generelt mål å betre miljøtilstanden for sjølve vassmiljøet i elvar og vatn, men estetiske verdiar knytt til vatn i reguleringssonar og fossar er noko som kan vurderast i vilkårsrevisjon/fornyning.

Dersom desse føresetnadene blir lagt til grunn, blir restvassføringane i elvane i det vesentlege som hittil.

5 KRAFTPRODUKSJON OG REGULERINGSNYTTE

5.1 Historisk utnytting


Målt produksjon i kraftverka for perioden 1973 - 2015 er som vist nedanfor, GWh:

Tabell 7. Historisk produksjon

Produksjon(GWh) Svelgen 1973-2015				
År	Svelgen I	Svelgen II	Svelgen III	Svelgen IV
	<i>TS 16273</i>	<i>TS16272</i>	<i>TS16274</i>	<i>TS16275</i>
1973	57	188	141	254
1974	40	193	114	243
1975	46	198	116	237
1976	38	207	130	254
1977	38	148	99	204
1978	36	180	107	239
1979	42	176	119	238
1980	36	182	114	222
1981	41	187	120	249
1982	43	205	126	258
1983	55	219	141	291
1984	38	200	115	228
1985	39	176	104	240
1986	49	200	128	263
1987	38	184	113	227
1988	41	188	115	242
1989	74	236	158	346
1990	75	217	106	328
1991	47	215	135	270
1992	57	235	149	339
1993	38	217	139	255
1994	45	165	122	241
1995	57	211	131	286
1996	27	172	107	171
1997	54	177	133	306
1998	47	200	135	260
1999	48	229	168	330
2000	51	241	123	315

2001	45	186	132	232
2002	33	215	139	272
2003	41	183	123	227
2004	48	200	132	285
2005	62	204	190	382
2006	44	205	144	239
2007	68	225	162	341
2008	46	234	153	303
2009	42	203	122	240
2010	30	187	112	201
2011	54	201	151	318
2012	50	231	175	316
2013	42	214	130	255
2014	43	232	141	294
2015	66	225	162	331

Overløpet er lite, ca. 0,006 GWh pr. år i gjennomsnitt for begge kraftverka samla.



Figur 4. Produksjonsfordeling. Figuren viser korleis produksjonen har variert gjennom dei siste 40 åra.

5.2 Dagens situasjon og framtidig bruk

Den norske elektrisitetsmarknaden er i dag om lag i balanse basert på den innanlandske produksjonskapasiteten på ca. 130,5 TWh i eit normalår, eventuelt med eit lite overskot. Forbruket veks svakt, men med stor tilgang på kraft som kjem inn under elsertifikatordninga i åra framover, kan overskotet auke så framt ikkje nettutbygging og auka kabelkapasitet til utlandet gjer at eit eventuelt overskot kan eksporterast.

Kraftprisane har stige merkbar dei siste åra sjølv om prisen periodevis kan gå ned på grunn av stort tilløp eller påverknad frå utlandet. Tilgangen på ny, regulert kraft synest å bli svært låg framover sidan det er få magasin av særleg storleik som blir bygt. Lønsemda og verdien av reguleringane i Svelgen er difor vurdert å vere større enn nokon gong både som grunnlag for industrien i Svelgen, verksemda og lokalsamfunnet, og som eit vesentleg bidrag med regulert og ureiningsfri kraft til marknaden.

Anlegga er generelt godt haldne ved like og blir kontinuerleg underlagt ulike revisjonar frå styresmaktene med tilhøyrande naudsynte utbetringar og elles oppgradering innanfor gjeldande økonomiske rammer.

Det er difor viktig at anlegga kan drivast vidare med same kapasitet som i dag.

5.3 Andre fordeler

Forutan den direkte verdien for lokalsamfunnet av verksemda som kraftverka er bygde for, betalar også kraftverka skattar og avgifter til staten, fylkeskommunen og Bremanger kommune, sjå kapittel 7.10.

Magasin og overføringar representerer tiltak som reduserer flaumane i dei vassdraga som inngår, dels ved at vatn blir fråført vassdraga (overføringane), dels ved at vatnet blir regulert i magasin.

Det kommunale vassverket i Svelgen pumpar vatn frå avløpet til Svelgen II, som har god vasskvalitet, og delvis frå Svelgen IV. Tidlegare blei drikkevattnet til Svelgen forsynt frå Lillevann aust for Svelgen.

Keipen turlag i Svelgen får bruke hytta ved Knekkevattn vederlagsfritt, det same får Svelgen Jeger- og Fiskeforening når det gjeld hytta ved Løkkevatn, også fritt.

I tillegg gjev verksemda hjelp til merking og opparbeiding av turstiar i området.

6 OVERSIKT OVER UTGREIINGAR, SKJØNN OG AVBØTANDE TILTAK SOM ER UTFØRDE

6.1 Miljøfaglege utgreiingar som er gjort etter at vassdraga vart regulert

- Møkkelgjerd & Gunnerød 1975. Fiskeribiologiske undersøkingar i Svelgen. Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk. Vedlegg 7 del 1.
- Bjørklund, A. E., Kålås, S og Hellen, B. A. 1997, Kalkingsplan for Bremanger kommune. Rådgivende Biologer AS rapport 303-1997.
- Urdal, K. og Søltnæs, E. 1997. Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane – Fagrappport 1996. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 3 – 1997.
- Gladsø, J. A. og Hylland, S. 2002. Ungfiskregistreringar i sju regulerte elvar i Sogn og Fjordane i 2002. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 6 – 2003.
- Gladsø, J.A og Hylland, S. 2003. Prøvefiske i 23 regulerte vatn i Sogn og Fjordane i 2002. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 5 – 2003.
- Gladsø, J. A. 2009. Prøvefiske i 26 regulerte vatn i Sogn og Fjordane i 2008. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 7 – 2009.
- Halvorsen og Jerpåsen 2004. Svelgen I og II. Søknad om fornya konsesjon. Rapport frå Norsk institutt for naturforskning og Norsk institutt for kulturminneforskning.
- Alle utgreiingar relaterte til eigarskiftet mellom Elkem Energi Bremanger og Statkraft
- Lillevann (Fossekallen) mikrokraftverk i Svelgselva, Bremanger kommune i Sogn og Fjordane – konsesjonspliktavurdering. Vedtak om unntak for konsesjonsplikt. Datert NVE den 19. desember 2002.
- Straumane kraftverk i Sjørdalselva, Bremanger kommune i Sogn og Fjordane – konsesjonspliktavurdering. Vedtak om unntak for konsesjonsplikt. Datert NVE den 19. desember 2002.
- St.prp. nr. 118 (1991-1992). Verneplan IV for vassdrag. Objekt 086/1 Vingelva.
- NOU 1991, 12B om 086/1 Vingelva.

- Gaarder, G. 2005. Småkraftverk i Sjørdalen, Bremanger kommune. Virkninger på biologisk mangfold. Miljøfaglig Utredning Rapport 2005:56. 10 s.
- Schedel J. B. 2015. Prøvefiske i 17 vatn i Sogn og Fjordane 2013. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 2 – 2015. Vedlegg 7 del 2 (relevante sider 1-15, 60-100).
- Schedel J. B., Heibo & Hanssen 2015. Ungfiskregistreringar i regulerte elvar frå 2009 til 2014 i Sogn og Fjordane. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 3 – 2015. Vedlegg 7 del 3 (relevante sider 1-9, 25-39, 73-84).
- Gabrielsen, S. E & Skår, B. 2015. Habitatkartlegging i Bortneelva, Bremanger kommune. Notat juni 2015. Uni Research Miljø LFI. Vedlegg 7 del 4.
- Gabrielsen, S. E & Skår, B. 2015. Habitatkartlegging i Førdeelva, Bremanger kommune. Notat juni 2015. Uni Research Miljø LFI. Vedlegg 7 del 5.

1.1 Skjønn

Skjønn	Knytt til eigedomar (dagens gnr/bnr)
Rettsforlik av 23. august 1962 knytt til skjønn halde 22. og 23. august 1962 i Nordfjord herredsrett.	117/2, 6 og 10
Nordfjord herredsretts skjønn av 24. august 1962.	117/1 og 7
Sunnfjord herredsretts skjønn av 7. august 1967 (tinglyst 18. januar 1968).	117/1-3, 6-8 og 10
Sunnfjord herredsretts skjønn halde 10. august 1967 (avheimla 18. januar 1968).	81/1, 2, 3, 4, 6, 7 og 9 115/1-7, 9-11, 13, 18, 23, 24, 27, (28), 29 og 64 116/1, 2, 4, 5, 7 og 8
Oreigningsskjøn av 8.sept 1964, sak 24/1964B, Sunnfjord heradsrett Saksøker Bremanger Smelteverk, Svelgen. Gjeld: Oppsamlingsskjøn over Svelgenvassdraget.	Saksøkt: Per Rise, Bjarne Rise, Ragnvald Rise, Johs Rise, Odd Rise (Gnr. 38 i Bremanger)
Overskjønn av 9.aug. 1960, sak 22/1959B, Sunnfjord heradsrett. Saksøker Bremanger Smelteverk, Svelgen Overskjøn i medhold av skjønnsloven §4, gjeld erstatning for skader som var voldt i samband med selskapets utbygging av ein del av Svelgenvassdraget	Saksøkt: Bjarne Rise og Ragnvald Rise, Svelgen (Gnr. 38 i Bremanger)
Skjøn av 9.juni 1959, sak 31/1958 B, Sunnfjord heradsrett. Saksøker Bremanger Smelteverk, Svelgen Gjeld: Skjøn til fastsetting av erstatning til grunneigarane i samband med utbygginga av Hjelmevatn.	Saksøkt: Per Ove Rise, Bjarne Rise, Ragnvald Rise, Johs og Odd Rise (Gnr. 38 i Bremanger)

Utover dette finst det ein del skjøn frå starten av utbygginga på 1920 og -30-talet som mellom anna gjeld erstatning grunna industriutbygging og skade på skog etter forureining.

1.2 Avbøtande tiltak

Frå 1976 har det vore pålegg om utsetting av 200 l-somrig aure av uspesifisert stamme i Nibbevatnet. Pålegget har ikkje vore effektivt sidan ca. midten av 1990-talet. Fiskeundersøkingar gjennom «regulantsprosjektet» syner at det ikkje er trong for å halde fram med utsetting. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vedtok i 2014 å fjerne dette pålegget.

Det vart i 1976 gjeve utsettingspålegg i Førdeelva på 3000 l-somrig sjøaure av uspesifisert stamme. Pålegget vart siste gong praktisert i 1989 (kjelde Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2014).

Svelgen Jeger- og Fiskeforeining har gjort utfisking i fleire vatn i området. Dette er nærare omtala i miljørapporten.

Etter at vedlagde miljørapport vart utarbeidd av Norconsult i 2013/14, er det utført habitatkartlegging i Bortneelva og Førdeelva av Uni Research Miljø LFI (notater juni 2015). Det pågår no eit prosjekt i Bortneelva der tiltaksforslag frå habitatkartlegginga er gjennomført (vedlegg 7 del 4 og vedlegg 9). Resultata frå habitatkartlegginga i Førdeelva syner at biotopiltak ikkje er naudsynt (vedlegg 7 del 5).

6.4 Etterundersøkingar

Som eit alternativ til pålegg om fiskeundersøkingar i dei regulerte vatna og elvane har vassdraget vore undersøkt ved fleire høve gjennom prosjektet «Fisk i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane» som har eksistert sidan 1994, samt i ei undersøking i 1974 (Møkkelgjerd & Gunnerød 1975, vedlegg 7 del 1). Tabellen under gjev ein oversikt over dette. Verknader av reguleringane for fisk og ferskvassorganismar er omtala i kap. 7.5. Rapportar frå undersøkingane er vedlagt. Svelgen Jeger- og Fiskeforeining har i tillegg utført mykje frivillig arbeid knytt til utfisking og generell bestandsovervaking i nokre av vatna.

Tabell 8. Oversikt over utførte etterundersøkingar i vatn og elver

<i>Vatn/elv</i>	<i>Årstal etterundersøking</i>
Bortneelva	2002, 2012, habitatkartlegging i 2015
Vingevatn	2002, 2013
Nibbevatn	1974, 1996, 2002, 2013
Langevatn	1974, 2002, 2013
Kalveholløkjen & Langesivatn (Langevatn sine nabovatn i aust, renn mot Myklebust/Ålfoten).	1974
Myklebustelva (renn frå Langevatn, via Kalveholløkjen og Langesivatn mot Myklebust/Ålfoten).	1974
Brandevatn	2013
Sørdalsvatn	1974, 1996, 2013
Svelgsvatn	1974, 2002, 2013
Langevatn/Vatn 11	-
Hjelmevatn	2002, 2013
Ivervatnet (ligg mellom Hjelmevatn og Sørdalsvatn)	2013
Vasslivatn & Osvatn (ligg i Førdedalen, renn til Førdeelva med utløp Førde/Ålfoten)	1974
Førdeelva	1974, 2002, 2012, habitatkartlegging i 2015

7 VERKNADER FOR MILJØ, NATURRESSURSAR OG SAMFUNN

7.1 Generelt

Det er utarbeidd ein eigen rapport om konsekvensar for miljø og samfunn i samband med konsesjons-søknaden, vedlegg 8. Rapporten er eit frittstående vedlegg til søknaden og har som mål å gje eit samla oversyn over kva konsekvensar utbygging av kraftverka har hatt, kva konsekvensar ei eventuell ned-

legging vil få for miljø og samfunn og kva tiltak som eventuelt kan gjerast for å redusere konsekvensane ved eventuell fornying av konsesjonane. Nedanfor er kort summert opp innhaldet i rapporten med konklusjonar for dei enkelte temaene som er handsama. I kapittel 8 er gjort greie for tiltakshavars eigne vurderingar om konsekvensar der det er avvik frå konklusjonane i rapporten og tilråding om avbøtande tiltak.

Dersom det ikkje blir gitt ny reguleringskonsesjon, er alternativet å leggje ned kraftverka. Som grunnlag for å vurdere konsekvensane av ei nedlegging har følgjande føresetnader blitt lagt til grunn:

- Regulering av magasin opphøyrer, og vasstanden blir ført tilbake til naturleg nivå
- Damkonstruksjonane blir rivne og massane deponert eller frakta bort (eventuelle konsekvensar av deponering av betong frå dammar er ikkje vurdert)
- Overføringstunnelane blir stengde
- Elvane blir førde tilbake til sitt naturlege løp med naturlege variasjonar
- Tippene vil ikkje bli endra
- Konsekvensane av eventuelt anleggsarbeid i samband med riving av dammar og stenging av overføringstunnelar er ikkje tekne med i vurderingane

7.2 Hydrologi

Det hydrologiske grunnlaget er gjort greie for i kapittel 3.2.2 og konsekvensar gjort greie for etter kvart i teksten. I vedlegg 4 del 2 er vist statistikk for korleis vasstanden i magasin typisk varierer. Konsekvensar for vassføringa i elvane før og etter utbygging er framstilt i hydrogram i vedlegg 5, med tilhøyrande kartoversik som syner kva målepunkt som er framstilt. Konsesjonane set ingen krav til minstevassføring eller magasininfylling.

7.3 Landskap

7.3.1 Generell omtale

Området mellom Svelgen og Ålfoten omfattar lågfjellsdalane Sør-dalen og Myklebustdalen som ligg i landskapsregion 15, lågfjellet i Sør-Norge, underregion 15.22 Norddalsfjella. Dei lågareliggande områda ned mot fjordane ved Svelgen og Ålfoten er høvesvis del av landskapsregionane Ytre fjordbygder på Vestlandet og Midtre fjordbygder på Vestlandet. Ålfotbreen landskapsvernområde blei oppretta i 2009. Det karakteristiske foldefjellandskapet i området er unikt og har få menneskelege inngrep bortsett frå reguleringane som alle ligg utanfor landskapsvernområdet.

Gjennom Sør-dalen/Myklebustdalen går i dag vegar og kraftledningar. Den nye 420 kV kraftledninga Ørskog-Fardal er under bygging i same område.

Dagens bruk av området er i stor grad knytt til ulike former for rekreasjon. I regional plan for vindkraftverk (Sogn og Fjordane Fylkeskommune, 2011) har foldefjellandskapet sør og aust for Hjelmevatnet og i Nibbaområdet nord for Hjelmevatnet fått regional verdi for landskap. Myklebustsætra har fått regional verdi som kulturlandskap. Landskapet i tiltaksområdet elles er vurdert å ha kvalitetar som er vanlege i regionen.

Eit område ved Vingen er verna som landskapsvernområde i samband med helleristningane i Vingenfeltet. Verdiane av og konsekvensane for dette landskapsvernområdet er omtalt i kapittel 7.6 om kulturminne og kulturmiljø.



Figur 5. Terrasseformasjonene frå Trevatn i venstre biletkant ned mot Tovatn, Eitvatn og Hjelmevatn.

7.3.2 Svelgen I

7.3.2.1 Magasin

Tabell 8 viser data for neddemt og tørrlagt areal for dei enkelte magasinane.

Tabell 9. Neddemt og tørrlagt areal for reguleringsmagasina for Svelgen I.

Magasin	Areal neddemt ved HRV, km ²	Areal tørrlagt ved LRV, km ²
Vingevatnet	0,10	0,01
Nibbevatnet	0,01	0,3
Sørdalsvatnet	0,10	0,10
Svelgsvatnet	0,80	0,50

Vingevatnet er regulert 24 m. Terrenget rundt magasinet består stort sett av fjell i dagen heilt ned til vatnet og lite vegetasjon. Magasinet blir tappa ned i løpet av vinteren og fyllest utover sommaren og hausten.

Nibbevatnet kan etter konsesjonen regulerast 5,5 m, faktisk regulering er her 3,5 m. Terrenget er mykje det same som rundt Vingevatnet, men med noko meir vegetasjon. Det bratte terrenget ned mot sjølve vatnet gjer at reguleringssona ikkje dominerer i landskapet. Magasinet blir tappa ned i løpet av vinteren og fyllest utover sommaren og hausten.

Sørdalsvatnet har konsesjon for 20 m regulering, 10 m opp og 10 m ned, men i praksis blir det berre regulert 9 m (3 m opp og 6 m ned). Større seinking er ikkje mogeleg på grunn av plasseringa av inntaket. Køytinga av Sørdalsvatnet har endra seg noko etter at Straumane kraftverk blei sett i drift i 2005. Kraftverket nyttar fallet mellom Sørdalsvatnet og Svelgsvatnet, og vasstanden i Sørdalsvatnet blir halden høg av omsyn til fallhøgda for kraftverket.

Svelgsvatnet som er inntaksmagasinet til Svelgen I, blir regulert 15,5 m og blir stort sett tappa ned om vinteren og fylt utover sommaren og hausten. Ved låge vasstandar er reguleringssona dominerande på grunn av den buktande strandlinja.

I vedlegg 6 ligg djupnekart for magasinane (magasinkart). Når dei nye konsesjonane blir skriva ut, er det naturleg å oppgje magasinane sine høgder i høgdesystemet NGO/NN2000.

7.3.2.2 *Elvestrekningar*

Fire elvestrekningar er tørrlagde eller har fått redusert eller auka vassføring, Vingefosselva frå Vingevatnet til Vingepollen, Bortneelva frå Nibbevatnet mot Bortnen, elva frå Langevatnet mot Ålfoten og elva frå Svelgsvatnet til fjorden i Svelgen.

Vingefosselva frå vestenden av Vingevatnet renn ned ei svært bratt fjellside og er best synleg lokalt i Vingepollen.

Bortneelva frå Nibbevatnet er lite synleg og renn til dels i grov ur.

Sidan Langevatnet er snudd frå sitt naturlege avløp mot Ålfoten og overført til Sordalsvatnet, har Steinelva/Sagelva mot Ålfoten redusert vassføring.

Svelgselva frå Svelgsvatnet og ned til fjorden er delvis godt synleg frå fylkesvegen med fleire fossar på strekninga.

7.3.2.3 *Terrenginngrep*

Det ligg igjen fleire mindre tippa etter utbygginga. Tippa er delvis revegeterte naturleg og vist i vedlegg 1 og på bilete i miljørapporten.

Damma ved Vingevatnet, Nibbevatnet og Langevatnet er små, delvis berre tersklar ved utløpa og er i liten grad er synlege i terrenget.

Dam Sordalsvatnet har største høgde på 9 m og ligg i tilknytning til fylkesvegbrua. Dammen blei rehabilitert i 2013, men ligg i eit område med svært mange andre inngrep som veg, kraftledning, magasin med reguleringsone etc. Dammen er godt tilpassa terrenget.

Dam Svelgsvatnet ligg i meir naturdominerte omgjevnader. Dammen har største høgde på 10 m og kronelengd på 93 m, men dimensjonane er likevel ikkje større enn at den glir greit inn i terrenget.

7.3.3 Svelgen II

7.3.3.1 *Magasin*

Som følge av reguleringane av Langevatnet og Hjelmevatnet har areal både blitt neddemt ved høge vasstandar og tørrlagt ved låge vasstandar i forhold til den naturlege vasstanden i vatna. Tabell 10 viser neddemt og tørrlagt areal ved høvesvis HRV og LRV i magasinane.

Tabell 10. Neddemt og tørrlagt areal i reguleringsmagasina i Svelgen II.

Magasin	Areal neddemt ved HRV, km ²	Areal tørrlagt ved LRV, km ²
Langevatnet	0,01	0,01
Hjelmevatnet	0,7	0,1

Hjelmevatnet kan regulerast 35,2 m, faktisk regulering er 33,5 m. Det er mest fjell i dagen med lite lausmasser og lite vegetasjon rundt vatnet. Magasinet blir manøvrert som eit årsmagasin og vert tappa på etterjulsvinteren og fylt frå mai og utover sommaren og hausten.

Langevatnet er regulert 23 m. Terrenget rundt er stort sett fjell i dagen og svært sparsamt med vegetasjon.

I vedlegg 6 ligg djupnekart for magasinane (magasinkart). Når dei nye konsesjonane blir skriva ut, er det naturleg å oppgje magasinane sine høgder i høgdesystemet NGO/NN2000.

7.3.3.2 *Elvestrekningar*

Frå Hjelmevatnet rann elva opprinneleg som ein foss ned til Ivervatnet. Middelvassføringa ut av Hjelmevatnet ville ha vore på 4,9 m³/s og frå området ved Ivervatnet ville dette ha vore eit attraktivt landskapselement. Det er sjeldan overløp over Hjelmevassdammen, og fossen er eit landskapselement

som er borte frå området rundt Ivervatnet. Elvestrekninga vidare nedover frå Ivervatnet til Sjørdalsvatnet er også sterkt redusert, og har no stort sett berre vassføring frå det lokale restfeltet til Ivervatnet. Denne elvestrekninga er synleg frå deler av Fv. 614 i nordenden av Sjørdalsvatnet.

7.3.3.3 Overføringar

Mellom Langevatnet og Hjelmevatnet er det bygt fire tunnelar som overfører vatnet til Hjelmevatnet som som før drenerte naturleg mot Fjørdedalen. Dette medfører større gjennomstrøyming gjennom Tivatna og større vassføringar i elvane ned mot Hjelmevatnet.

7.3.3.4 Terrenginngrep

Dammen på Langevatnet er svært vanskeleg tilgjengeleg, og med ei største høgde på 3 m og lengde på 21 m er den lite synleg i det store landskapet.

Dam Hjelmevatn har største høgde på 23,5 m og ei lengde på 116 m. Heller ikkje denne bryt særleg med dimensjonane i landskapet, og den ligg godt i terrenget for landskapsrommet rundt Hjelmevatnet.

Det er til saman 10 tippar knytt til anlegget som i liten grad er blitt vegetert.

7.3.4 Konsekvensar ved nedlegging av kraftverket

Dei største konsekvensane vil bli at magasina blir haldne på normalvasstand og reguleringssonene under LRV blir borte. Sona frå NV til HRV vil vere fri for vegetasjon, men på sikt vil vegetasjonen igjen kome tilbake ned mot magasina der dette er naturleg. Dette er ein prosess som kan ta svært lang tid, særleg for dei høgareliggjande magasina, og der det er lite lausmasser som kan bli dregne nedover og medverke til å gi vekstmassar. Verknadane av dette vil bli størst for Sjørdalsvatnet og Svelgsvatnet som ligg langs fylkesvegen i Sjørdalen.

Elvane vil igjen følge det naturlege løpet. Dei største landskapseffektane vil kome i Svelgsfossane mellom Svelgsvatnet og fjorden. Dette er ei forholdsvis stor elv som ligg nær både fylkesveg, busetnad og Svelgen sentrum, og desse fossane vil heilt klart medføre nye landskapselement som hevar verdien av landskapet rundt og ved Svelgen sentrum. Også strekninga mellom Hjelmevatnet og Sjørdalsvatnet vil få heva landskapsverdi ved at fossane kjem tilbake. Småelvane som naturleg drenerer til Fjørdsdalen, men som i dag er overførte til Hjelmevatnet, vil gå tilbake til sine opphavlege løp med tilhøyrande konsekvensar for landskapsbiletet.

7.4 Vegetasjon og naturtypar

7.4.1 Influensområde

Influensområdet er avgrensa til område med direkte arealinngrep som oppdemming eller arealbeslag for tippar, dammar, lukehus m.m, samt elvestrekningar som har fått endra vassgjennomstrøyming.

7.4.2 Verdier i tiltaksområdet

Tiltak- og influensområdet ligg ut mot kysten med store høgdeskilnadar. Berggrunnen er for det meste fattige bergartar som ikkje gjev grunnlag for eit rikt planteliv. Klimaet er i hovudtrekk oseanisk, fuktig og kjøleg med til dels store nedbørmengder.

Det er registrert fleire viktige naturtypar i området, men ingen ligg slik til at det har vore gjort direkte inngrep i dei under anleggsarbeidet. Nokre vassavhengige naturtypar ligg likevel slik til at redusert vassføring kan påverke utforming av verdien av naturtypen. Tabell 11 viser ei oversikt over alle viktige naturtypar som er blitt påverka av reguleringane.

Tabell 11. Viktige naturtypar

Lokalitet	Naturtype	Påverknad
Sørdalen	Gamal barskog	Naturverdiane er ikkje påverka av Svelgen I eller II
Grasdalen	Rikmyr	Naturverdiane er ikkje påverka av Svelgen I eller II
Dalsetebakkane	Gamal lauvskog	Naturverdiane er ikkje påverka av Svelgen I eller II
Fessegrovene	Rikmyr Verdi: Svært viktig	Fukttilførsel til myra kan til ei viss grad vere betinga av vassføring i elva
Pyttane	Gamal barskog	Naturverdiane er ikkje påverka av Svelgen I eller II
Myklebustsetra	Slåttemark	Naturverdiane er ikkje påverka av Svelgen I eller II
Vasslidvatnet	Andre viktige førekomstar Verdi: Viktig. Nordvendt fuktig fjellside med grov, open steinur. Praktdraugmose (VU) registrert	Lokaliteten ligg ved Vasslidvatnet som har noko redusert gjennomstrøyming som følgje av Svelgen II.
Bortnen; Teigereset	Gamal lauvskog	Naturverdiane er ikkje påverka av Svelgen I eller II
Bortnen; Hoderinden	Gamal lauvskog	Naturverdiane er ikkje påverka av Svelgen I eller II
Bortnen; Rinden	Nordvendt kystberg og blokkmark. Verdi: Svært viktig Fuktkrevjande artar inkl. fossegrimemose (VU)	Fuktigheita i lokaliteten kan i teorien vere påverka av elva frå Nibbevatnet.

I konsekvensrapporten er nokre av lokalitetane vist på kartutsnitt.

7.4.3 Verknadar av Svelgen I

Det er uvisst om overføringa frå Langevatnet øvst i Myklebustdalen til Sørdalen har konsekvensar for rikmyrslokaliteten Fessegrovene. Avløpet frå Dalsetevatnet kan halde oppe grunnvassnivået i myrområdet slik at skogvegetasjon og andre artar som veks på tørrare område blir haldne borte og myra ikkje blir påverka. Delfeltet til Langevatnet utgjer berre 16-17 % av det totale nedbørfeltet ved Fessegrovene, og overføringa er dermed vurdert å ha liten verknad på naturverdiane.

Det er heller ikkje truleg at nokon av dei andre lokalitetane er påverka av reguleringar og overføringar.

7.4.4 Verknadar av Svelgen II

Det kan ikkje påvisast at nokon av lokalitetane i tabell 11 er påverka av utbygginga.

7.4.5 Konsekvensar ved nedlegging av kraftverka

Ved rikmyra ved Fessegrovene vil elva få noko høgare vassføring dersom Svelgen I vert lagt ned. Eventuelle konsekvensar av dette er venta å bli små. Det same gjeld den fuktkrevjande naturtype-lokaliteten ved Rinden.

Ei nedlegging av Svelgen II vil heller ikkje medføre endringar for nokon av dei viktige naturtypane i tabell 11.

7.5 Fisk og ferskvassorganismar

7.5.1 Kunnskapsstatus

Alle magasina i nedbørfelta har bestandar av aure. I tillegg finst anadrome bestandar i fire elvar.

Rapportar som er lagt til grunn for utgreiinga er lista opp i miljørapporten. Undersøkingar hausten 2013 blei gjennomførde av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane; dataene er analyserte og tolka av Norconsult.

Magasina og vatna i området er prega av relativt tette bestandar med aure som har gode rekrutteringsforhold og dårlege næringstilhøve. Det har i mange år vore gjennomført uttynningsfiske. Det er pålegg

om utsetjing i Nibbevatnet, men dette er ikkje praktisert etter 90-talet. Det blir heller ikkje sett ut fisk i nokon av dei andre magasinane i dag.

7.5.1.1 Kunnskap om fiskebestandane før utbygging

Det blei gjennomført fiskeundersøkingar sommaren 1966 i samband med Christiania Spigerverks konsesjonssøknad for overføring av Vingevatnet, Nibbevatnet og Langevatnet til Svelgen I, og overføring frå Langevatnet/Vatn 11 til Svelgenvassdraget. Undersøkingane gjev eit bilete av situasjonen før utbygging i desse vassførekomstane. Det blei også gjort ei vurdering av fiskebestandane i dei same vatna og i Bortnedalselva i 1967 i samband med skjønn, og utmåling av erstatning for tapt fiske.

7.5.2 Influensområde

Influensområdet omfattar:

Svelgen I: Svelgsvatnet, Sordalsvatnet, Langevatnet (kote 369,58), Brandevatnet, Nibbevatnet, Vingevatnet, Vingefosselva, Bortneelva, Daleelva (Myklebustvassdragets nedre, anadrome del) og Svelgselva.

- Elvar som renn mellom desse vatna som har fått endra vassføring

Svelgen II: Hjelmevatn (inkl. Løkavatnet), Ivervatnet, Fem-, Sju-, Åtte-, Ni- og Tivatna, og Langevatnet

- Førdeelva (Førdspollen)

7.5.3 Verdier i tiltaksområdet

Vassførekomstane i området er naturleg lågproduktive og er ionefattige og næringsstofffattige. Landvegetasjonen ved fleire av magasinane er skrin og fattig og gir lite tilførsel av organisk materiale frå land, og dermed låg produksjon av botndyr og plankton. Planktonsamfunnet er svært artsfattig. Dei fleste vatna har god tilgang på inn- og utløpsbekker der auren kan gyte.

7.5.3.1 Svelgen I – magasin og vatn

Svelgsvatnet

Undersøkinga i 1974 viste at vatnet hadde ein tett bestand av forholdsvis ung aure med god vekst og middels god kvalitet, men at det også fannst ein del seint veksande fisk av dårlegare kvalitet. Prøvefisket i 2002 og i 2013 viste ein middels til tett bestand.

Sordalsvatnet

Undersøkingar i 1966 viste at vatnet hadde ein tett bestand av småvaksne individ. Vatnet blei også undersøkt i 1974 med same resultat. Prøvefisket i 2013 viste ein middels til tett bestand.

Langevatnet

Langevatnet (369,58 m o.h.) blei undersøkt i 1966 og karakterisert som eit overbefolka vatn, med store mengder ungfisk og få større fisk. Kvaliteten vert likevel karakterisert som god. I forslaget til erstatningar for tapt fiske frå 1967 (før regulering) blei det lagt til grunn ei avkastning på 340 kg aure/år.

Undersøkinga i 1974 viste at vatnet hadde ein bestand av forholdsvis ung aure med svært god vekst og god kvalitet. Det blei ikkje tilrådd å setje ut fisk, og at fisket måtte halde fram. Prøvefisket i 2013 viste ein middels tett fiskebestand.

Brandevatnet

Brandevatnet er ikkje regulert, men har fått endra vassgjennomstrøyming etter reguleringa. I forslaget til erstatningar for tapt fiske frå 1967 (før regulering) blei det lagt til grunn ei avkastning på 49,2 kg aure/år. Undersøkingar i 1966 før overføringa til Svelgen viste at vatnet hadde ein aurebestand med

med normal kondisjon og kvalitet. Det vart ikkje gjort fiskeundersøkingar i 1974, men i følgje lokale opplysningar hadde vatnet ein svært tett bestand.

Nibbevatnet

Vatnet blei undersøkt i 1966; gyteforholda var dårlege og fiskebestanden før regulering var ikkje særleg tett. I forslaget til erstatningar for tapt fiske frå 1967 (før regulering) ble det lagt til grunn ei avkastning på 196 kg aure/år.

Ved prøvafiske i 1974, få år etter regulering, hadde kondisjonen auka og var svært god for alle lengdegrupper. Vatnet hadde ein tynn bestand av forholdsvis gamal fisk, og det blei konkludert med at gyte-tilhøva vart reduserte etter reguleringa.

Prøvefisket i vatnet i 2013 viste at Nibbevatnet hadde ein middels tett fiskebestand med stagnerande vekst ved ei lengde rundt 260 mm.

Elektrofiskefangstar frå 2013 viste rekruttering og førekomst av både årsyngel og eldre ungfisk i innløpselva frå Vingeavatnet.

Vingeavatnet

Vatnet var fisketomt før regulering. Seinare blei det sett ut fisk i regi av Svelgen Jeger og Fiskeforening, og basert på spørjeundersøkingar blei det i 1997 konkludert med at Vingeavatnet hadde ein tynn aurebestand og at gyte-tilhøva var dårlege. Prøvefisket i 2002 viste ein relativt tett fiskebestand. Prøvefisket i 2013 viste ein tett, småvaksen bestand med god kondisjon.

7.5.3.2 Svelgen I - elvar

Bortneelva

Bortneelva har bestandar av sjøaure og laks. Ungfiskundersøkingar og gytefiskteljing i 2002 og i 2011 viste låg tettleik av ungfisk.

Gytefiskteljinga i 2011 konkluderer med at bæreevna er noko låg i høve til andre elvar i området, og sannsynlegvis under den faktiske bæreevna. Dei nedre delene av elva er prega av lite kantvegetasjon og har generelt eit litt einsarta preg og kunne venteleg vore betre med omsyn på skjul og gode gyteplassar.

Det er utført habitatkartlegging i 2015 med forslag til habitatforbetrande tiltak, vedlegg 7 del 4.

Daleelva (Myklebustvassdraget)

Ca. 1 km oppstrams utløpet i Ålfoten deler elva frå Myklebustdalen seg i fleire løp. Sideelva Sagelva renn nordover og har utløp ved Myklebust, medan hovudløpet Daleelva renn ut i Sigdestadvika lenger sør. Sagelva er ein liten bekk som venteleg har mindre verdi for anadrom fisk, men sjøaure må ein vente vandrar opp. I Daleelva fins bestandar av laks og sjøaure utan at ein kjenner bestandsstatus. Fisken vandrar om lag 500 meter opp på riktig vassføring.

Svelgselva (utlaup Svelgen II) og utlaup frå Svelgen I

Svelgen II og IV har utløp nedanfor fossen i Svelgselva. Her har fossen i alle tider vore til hinder for oppvandrande fisk. Lokale kjelder opplyser at det blei fanga ein god del laks og sjøaure på strekninga nedanfor.

7.5.3.3 Svelgen II – magasin og vatn

Hjelmevatn (inkl. Løkatvatnet)

Prøvafiske i 2002 viste at Hjelmevatnet hadde ein over middels tett, småvaksen fiskebestand.

Under prøvefisket i Hjelmevatnet i 2013 var gjennomsnittsvekta 85 gram. Veksten ser ut til å stagnere ved ei lengde rundt 270 mm.

Ivervatn

Ivervatnet er ikkje regulert, men har fått endra vassgjennomstrøyminga etter reguleringa. Prøvefisket i 2013 viste at Ivervatnet hadde ein middels tett, småvaksen fiskebestand med normalt god kondisjon.

Tivatna (inkl. Langevatnet)

Tivatna (vatn ein til ti) er ikkje regulerte, men fleire har fått endra vassgjennomstrøyming som følgje av overføringane. Det ligg ikkje føre fiskeundersøkingar frå vatna. Basert på lokale kjelder skal det tidlegare blitt sett ut fisk i Ni- og Tivatn, og fisken i desse vatna var i ein periode av svært god kvalitet. Status for vatna i dag er meir ukjend. I To-, Tre- og Firevatn finst småfallen aure og god rekruttering. Femvatnet har både fin og småfallen fisk. Vatn seks, sju og åtte er fisketome, medan status for Langevatnet venteleg er at det også er fisketomt.

7.5.3.4 Svelgen II – elvar

Førdeelva (Førdspollen)

Førdeelva som renn inn i Førdspollen har ein sikker bestand av sjøaure i følgje Lakseregisteret. Bestandsstatus for sjøauren er «Redusert» (Miljødirektoratet, 2013 b). Faktorar som verkar inn på fastsetting av bestandsstatus er *lakselus* og *vassdragsregulering*. Vassføringa er redusert som følgje av reguleringa ved at avløpet frå 39 % av totalfeltet er overført til Svelgen II. Fisken vandrar ca. 1,2 km opp frå sjøen.

Undersøkingar frå 2002 viste at fiskebestanden i Førdeelva var dominert av aure, om lag som ved undersøkinga av ungfiskbestanden hausten 2012.

I fylgje grunneigarar var elva ei god fiskeelv fram til omtrent 90-talet, då ein storflaum vaska ut mykje substrat frå områda som er viktige for fisk.

Det er utført habitatkartlegging i 2015 med forslag til habitatforbetrande tiltak vedlegg 7 del 5.

7.5.4 Verknadar av Svelgen I

7.5.4.1 Magasin og vatn

Dammane er i seg sjølv ein fysisk barriere for opp- og nedvandrande fisk. Men elvestrekningane nedstraums disse dammane er så bratte frå naturens side at oppvandring i stor grad har vore uråd.

Svelgen Jeger og fisk opplyser at det i dag er liten skilnad på fiskebestandane i dei regulerte og uregulerte vatna, og samanlikning mellom før- og ettersituasjonen tyder også på det. Reguleringa i magasinerna har medført redusert produksjon av botndyr i strandsona. I Langevatnet og Brandevatnet som ikkje er regulerte, har ein ikkje hatt desse effektane i strandsona. Her finst venteleg eit meir naturleg botndyrsamfunn.

Ein må rekne med at reguleringane har redusert næringsgrunnlaget til auren vesentleg i fleire av magasinerna, og at viktige grupper som har hatt sitt leveområde i dagens reguleringssoner, har blitt borte.

Aurebestandane i magasinerna har generelt svært gode rekrutteringsforhold, og næringskonkurransen i aurebestanden er tilsvarande høg. Basert på undersøkingane i Nibbevatnet og Langevatnet frå før regulering er det mykje som tyder på at rekrutteringa kan ha vore høg også då. Det er derfor lite som tyder på at reguleringa i seg sjølv har auka rekrutteringa i sjøane.

Nokre av elvane som er tilknytte vatna har fått endra vassgjennomstrøyming, enten ved lågare vassføring eller tørrlegging, men rekrutteringa er likevel meir enn god nok i dag. Eit unntak er innlaupselva i Sjørdalsvatnet som har fått vesentleg høgare vassføring etter reguleringa. Dette kan ha ført til auka rekruttering til vatnet.

Enkelte sjøar, som Vingevatnet, var fisketomt før regulering, men det blei pålagt utsetjingar som eit kompenserande tiltak. Slik sett har reguleringa hatt ein indirekte effekt på fiskebestanden i vatnet.

7.5.4.2 Elvar

Bortneelva

Vassføringa i Bortneelva er noko redusert på nedre parti av elva som følgje av reguleringa. I følgje opplysningar i Lakseregisteret er vasskraftutbygging og lakselus faktorane som forklarar kvifor

sjøaurebestanden er redusert. Særleg i enkelte tørre år og i periodar med låg vassføring kan reguleringa ha negative konsekvensar. Vassdekt areal blir redusert, oppvandringstilhøva blir vanskelegare, og det vil vere fare for tørrlegging av fiskeegg.

I følge lokalkjende var det i tidlegare tider laks som vandra opp i elva og gytte. Reguleringa har uansett ført til ei relativt lita fråføring av vatn, og det er lite truleg at det har hatt dramatiske verknadar på fiskebestandane i elva. I hovudsak er det flaumtoppane som til ein viss grad er reduserte etter utbygginga, og at vassføringa elles følgjer dei naturlege variasjonane.

Daleelva (Myklebustvassdraget)

Det er lite truleg at overføringa har hatt dramatiske verknadar på fiskebestandane i elva. Vassføringa følgjer stort sett dei naturlege variasjonane etter utbygging.

Svelgselva (Svelgen II) og utløp frå Svelgen I

Utløpet frå kraftverka har sannsynlegvis medført at noko fisk som elles ville ha vandra opp i nærliggjande vassdrag i dag blir ståande her. Sjølv om Svelgselva alltid har hatt sitt utløp her, har vassføringa auka, slik at denne effekten kan ha vore forsterka.

7.5.5 Verknadar av Svelgen II

7.5.5.1 Magasin og vatn

For reguleringsmagasina kan ein forvente dei same effektane som er diskutert i avsnittet om Svelgen I med utarming av botndyrsamfunnet og meir planktondominerte næringstilhøve for auren. Dette kan underbyggjast med diettprøver frå fiskeundersøkingane. Aurebestanden i Hjelmevatnet er karakterisert av dårlege næringstilhøve, høg rekruttering og stagnerande vekst. Aurebestanden i Hjelmevatnet hadde den lågaste kondisjonen av dei undersøkte sjøane i 2013.

Ivrvatnet og Tivatna har fått endra vassgjennomstrøyming i forhold til naturtilstanden, men er ikkje regulerte. Det er derfor sannsynleg at det her er ivaretatt eit meir naturleg botndyrsamfunn i strandsona enn kva som er situasjonen i reguleringsmagasina. Fleire av Ti-vatna er naturleg fiskelause og det er usikkert kor lenge det har vore sett ut fisk der. Det er derfor vanskeleg å vurdere kva effektar den endra vassgjennomstrøyminga har hatt på fiskebestandane.

7.5.5.2 Elvar

Førdeelva (Fördspollen)

Vassføringa etter utbygging følgjer i stor grad det naturlege mønsteret, men at vassmengda er blitt redusert, særleg flaumtoppane, men også i lågvassperiodar i januar, februar og mars er vassføringa endra. Særleg i slike tørre periodar er det sannsynleg at den reduserte vassføringa som har blitt i elva som fylgje av reguleringa kan ha hatt påverknad for livet i elva i form av tørrlegging/utfrysing av fiskeegg som er lagt på høgare vatn om hausten. Det er grunn til å tru at denne eggoverlevinga var noko høgare før reguleringa utan at dette er dokumentert. Redusert vassføring har også redusert det vassdekte arealet i elva med reduserte oppvekstområde for ungfisk og lågare produksjon av botndyr, som igjen har medført dårlegare næringstilhøve for laks- og sjøaureungane. Fordi vassføringa framleis følgjer eit naturleg mønster, førekjem det framleis flaumar som spyler ut sediment og groe. Grunn-eigarar opplyser at fisken i periodar har problem med oppvandring på grunn av låg vassføring. Ein storflaum på 90-talet vaska ut mykje substrat frå elva, og etter det har gytetilhøva i elva blitt forverra. Habitatkartlegginga i 2015 syner likevel at oppvekstvilkåra for ungfisk er god og det vart i notatet frå Uni Research Miljø LFI ikkje foreslått å gjennomføre habitatforbetrande tiltak (vedlegg 7 del 5).

7.5.6 Konsekvensar ved nedlegging av kraftverka

Ein må gå ut frå at det etter svært lang tid med regulering har etablert seg ei slags likevekt mot sterkt reduserte vassføringar og svingingar i vassnivået i innsjøane. Alle sjøane har i dag for stor rekruttering, og det ville sannsynlegvis auke denne rekrutteringa ytterlegare dersom den naturlege vassføringa blei innført att.

Eit stabilt vassnivå i innsjøane ved nedlegging ville truleg etter fleire år kunne medført tilbakeføring av vatnet til eit meir naturleg botndyrsamfunn. Dette ville i så fall krevd eit omfattande istandsettingsprogram, med biotopiltak, revegetering i reguleringssona osv.

Daleelva (Myklebustvassdraget)

Ei nedlegging av kraftverket ville tilbakeført den naturlege vassføringa i elva, men venteleg utan at dette ville hatt stor effekt på fisken i elva. Det vassdekte arealet ville auka noko, og oppvandringa kunne bli letta periodevis.

Bortneelva

Nedlegging ville ha ført tilbake om lag 7 % av vassføringa i elva. Dette kunne til ein viss grad letta oppvandringa av anadrom fisk i vassdraget periodevis og tilbakeført noko vassdekt areal. Det er lite tenkjeleg at dette åleine ville gitt særleg gevinst for fiskebestandane i vassdraget.

Førdeelva (Førdspollen)

Førdeelva ville fått tilbake den naturlege vassføringa som i dag er redusert med 39 %. Dette ville letta oppvandringa for fisk, auka produksjonsområda for fisk og botndyr og sannsynlegvis hatt ein svært positiv effekt på fiskebestanden i vassdraget. Det er viktig å merke seg at flaumen på 90-talet førde til endra føresetnader. Biotopiltak og tilrettelegging for betre livsføresetnader for fisk er vel så viktige verkemiddel for å auke fiskeproduksjonen i elva tilbake til det naturlege som å tilbakeføre den opprinnelege vassføringa.

Svelgselva (utlaup Svelgen II) og utlaup frå Svelgen I

Ei nedlegging ville fjerna avløpet frå kraftverka slik at noko av fisken som sannsynlegvis stangar i utlaupsstraumen i dag, lettare ville funne vegen til nabovassdrag.

7.6 Kulturminne og kulturmiljø

7.6.1 Verdier i tiltaksområdet

7.6.1.1 Kraft og industri i Svelgen

I Bremanger gav kraftrikdomane grunnlag for oppbygging av industristaden Svelgen. Det tok tid før det vart etablert industri som kunne nytte krafta, og det var først frå 1950-åra Svelgen utvikla seg til ein større industristad, med verksemda til Elkem Bremanger som dominerande arbeidsplass. I 1963 blei Svelgen senter i den nye Bremanger kommune.

Svelgsfossen har gitt industristaden både namn og kraft. Kraftselskapet fekk konsesjon på utbygginga i 1915. Utbygginga starta i 1917; i 1918 kom ein provisorisk kraftstasjon i drift og i 1921 var Bremanger kraftselskap ferdig med utbygginga. Det var då seks gardar i Svelgen. Dei første åra blei det sett opp brakker, lagerhus og taubaner til anleggsplassane i fjellet, og det blei bygd vegar og bruer, og sett opp nye hus til verksemda. Svelgen II stod ferdig i 1958. Den eldste kraftstasjonen på verket i Svelgen er bevart og er framleis i drift. Bygningen er også bevart med mindre ombyggingar.

Dei siste 20 åra har ferrosilisium og silisium vore hovudprodukta til Elkem Bremanger. Det aller meste av produksjonen blir eksportert. Sysselsettinga har gått ned frå kring 500 tilsette på 1970- og 1980-talet til ca. 200 tilsette i dag. I oppbyggingsperioden stod kraftselskapet, og seinare verket, for mange av utbyggingstiltaka i Svelgen. På slutten av 1950-talet blei det meir kommunal verksemd. Industristaden tok over etter dei gamle sentralstadane Kalvåg og Davik. Tettstadsveksten auka i 1960-åra, men dei siste par tiåra har det vore noko fråflytting frå staden.

7.6.1.2 Myklebustsætra

På vegen mellom Ålfoten og Svelgen ligg Myklebustdalen med Myklebustsætra plassert rett ved Sætravatnet. Sætravatnet har noko redusert gjennomstrøyming som følgje av fråføring av Langevatn. Her ligg ei av dei få setrane i Sogn og Fjordane som enno er i drift. Det har stått 30 hus på Myklebust-

sætra, og nokre av dei kan vere frå før 1850. At seterdrifta på Myklebustsætra har halde fram inn i det 21. århundret, skuldast i første rekke plasseringa rett ved vegen mellom Svelgen og Ålfoten.

I fylkesdelplanen for arealbruk i Sogn og Fjordane er Myklebustsætra vurdert som eit lokalt viktig kulturlandskap.

7.6.1.3 Vingen helleristningsfelt

Helleristningsfeltet ligg veglaust til ved Vingepollen nordvest for Vingevatnet. Vingenfeltet er i dag det nest største helleristningsfeltet i Noreg med vel 2 000 figurar. Staden er områdefreda etter Kulturminnelova § 19. Området er også verna gjennom Vingen landskapsverneområde som blei oppretta i 1 980, med grunn i at det særeigne landskapet i området er med på å forsterke inntrykket av helleristingane, og at landskapskarakteren truleg er ein av hovudgrunnane til at steinalderfolket valde denne staden for helleristingar.

Vingefosselva inngår som del av dette landskapsvernområdet, og er synleg frå helleristingane. Bortsett frå fråføringa av Vingefosselva er bygningar på den fråflytta garden Vingen, der det er bygd kai og vaktbu, dei einaste teikna til nyare menneskeleg aktivitet i området. Det rike tilfanget av motiv gjer Vingen til eit nøkkelområde for norsk og skandinavisk bergkunst. Dei kan ha blitt til over eit tidsrom på kring 2 000 år, frå kring 3-4 000 år f.Kr.

7.6.1.4 Vurdering av potensialet for kulturminne i tiltaksområdet

Det er lite truleg at det blei gjennomført registreringar av kulturminne i tiltaksområdet då konsesjon vart gjeve.

Området ligg innanfor Norges største førekomst av devonske sandsteinsbergartar, som gir næringsfattig grunn. Ur og bert fjell dominerer rundt dei regulerte vatna. Terrenget er også svært ulendt.

På grunn av naturgrunnlaget og terrenget er potensialet for å finne kulturminner innanfor planområdet svært lite.

7.6.2 Verknadar av Svelgen I

Fråføring av deler av Vingefosselva har ikkje hatt direkte innverknad på helleristningsområdet ved Vingen, men har påverka det særeigne landskapet rundt feltet som kan ha vore ein viktig grunn til at feltet blei lagt her i utgangspunktet. Landskapet rundt helleristningsfeltet er også grunnlag for at landskapsvernområdet blei oppretta. Dette blir vurdert som negativt for kor lesbare helleristingane og landskapet er sett under eitt, særleg sidan området elles er utan vesentlege nyare tekniske inngrep, og bortsett frå fråføringa av vatn framstår området som det gjorde då helleristingane blei laga ca. år 4 000 f.Kr.

Når det gjeld Myklebustsætra, er ikkje den reduserte vassføringa vurdert å påverke setermiljøet eller landskapet rundt setrane i særleg grad.

Trass rike kulturminneførekomstar nær planområdet er det ingen kjende kulturminne innanfor området, truleg på grunn av eit skrint, næringsfattig naturgrunnlag og ulendt terreng med mykje ur, blokkrik mark og blankskurt bert fjell, noko som har gjeve dårleg utgangspunkt for busetnad og ferdsel både i førhistorisk tid og nyare tid. Det er derfor lite sannsynleg at det fins ikkje kjende kulturminne eller at slike kulturminne har kome til skade som følgje av bygging og drift av Svelgen I.

7.6.3 Verknadar av Svelgen II

Svelgen II har ikkje hatt vesentlege verknadar på kjende kulturminne eller kulturmiljø. Anlegget ligg også såpass høgt til fjells at det er lite truleg at det finst kjende kulturminne i dette området.

7.6.4 Konsekvensar ved nedlegging av kraftverka

Ved ei nedlegging av Svelgen I vil avløpet frå Vingevatnet igjen renne i Vingefosselva og medføre at denne igjen får si naturlege vassføring ned fjellsida og ut i Vingepollen. Dette er sett på som positivt for lesinga av helleristingane og det særeigne landskapet rundt.

7.7 Jord- og skogressursar

7.7.1 Verdier i tiltaksområdet

Det er lite jordbruksareal inntil tiltaksområdet. Skoggrensa går på om lag 450 m o.h., og deler av tiltaksområdet ligg dermed over skoggrensa. Det er også nokre lommer med planta gran.

Tidlegare var det uttak av tømmer i Svelgsdalen, og det var sag ved Storefossen nedstrøms Svelgsvatnet.

7.7.2 Verknadar av Svelgen I

Det er små arealbeslag i samband med kraftutbygginga. Tippene er små, men nokre ligg i skog og har medført eit lite arealbeslag.

7.7.3 Verknadar av Svelgen II

Svelgen II ligg såpass høgt til fjells at det er ingen interesser knytt til jord- eller skogbruk her.

7.7.4 Konsekvensar ved nedlegging av kraftverka

Nedlegging av kraftverka vil ikkje medføre nemnande konsekvensar for jord- eller skogbruk.

7.8 Ferskvassressursar

7.8.1 Dagens situasjon i tiltaksområdet

På bakgrunn av vassdirektivet og arbeidet med forvaltningsplanar for vatn, er alle magasina karakterisert å vere i moderat økologisk tilstand i Vann-nett-databasen, hovudsakleg på grunn av reguleringane. Dei er alle kandidatar til «sterkt modifiserte vassførekomstar» (SMVF). Definisjonen av SMVF er at det ikkje er realistisk å oppnå miljømålet «god økologisk tilstand».

Det er også registrert noko påverknad av sur nedbør i området, og bl.a. Hjelmevatnet og Langevatnet er vurdert å vere noko påverka av sur nedbør. Dette har likevel ikkje påverka den økologiske statusen til Langevatnet som er vurdert som god i Vann-nett.

Elvane og vatna som er påverka av reguleringane har ulik økologisk status frå svært dårleg for eksempel for avløpet frå Nibbevatnet og Hjelmevatnet, moderat for Svelgsvatnet og Hjelmevatnet til god for elva frå Langevatnet (Myklebustdalen).

Elkem Bremanger har eit jamt behov for uttak av kjølevatn til smelteverket på 0,8 m³/s. Dette vert dekt gjennom uttak frå avløpet til Svelgen II kraftverk.

Drikkevassforsyninga i Svelgen er også basert på uttak av vatn frå avløpet frå Svelgen II kraftverk.

7.8.2 Verknadar av Svelgen I og II

Det er i hovudsak vassdragsreguleringane som har medført dei reduserte økologiske tilstandane i vassdraga.

7.8.3 Konsekvensar ved nedlegging av kraftverka

Ved nedlegging av kraftverka vil ikkje reguleringane lenger utgjere ein faktor som påverkar den økologiske statusen til vassførekomstane, og tilhøva i vassførekomstane vil etter kvart nærme seg opprinneleg økologisk tilstand. Om vassførekomstane vil oppnå god økologisk status, vil også henge saman med andre faktorar, for eksempel påverknad av sur nedbør etc.

7.9 Friluftsliv og reiseliv

7.9.1 Verdier i tiltaksområdet

7.9.1.1 Friluftsliv

Det viktigaste og mest brukte friluftsområdet i influensområdet og regionen er Myklebustdalen og fjellområda ikring. Terrenget i området har ulike kvalitetar for friluftsliv, og området har ei viss grad av tilrettelegging med skytebane, lysløype, orienteringskart og liknande. I tillegg gjer vegen gjennom dalen området lett tilgjengeleg heile året. Det er mange gode aurevatn i området, og det vert selt fiskekort for fiske i vatna. Det er vidare høve til å leige jaktterreng. Fjella kring Svelgen og Myklebustdalen er godt eigna til sportsklatring. Grunneigarane på Myklebust nyttar setrane på Myklebustsetra som fritidsbustader.

7.9.1.2 Reiseliv

Myklebustsetra er ei av få setrar i Sogn og Fjordane som framleis er i drift. Tilreisande kan oppleve aktiv seterdrift og få enkel servering. Bremanger kommune er ein av dei leiande hjortekommunane i landet, og det er tilreisande jegrar til området. Hytteutleige utgjer ei tilleggsnæring for grunneigarane på Myklebust. Svelgen Hotell vert ofte nytta som utgangspunkt for turar i området.

Samla sett er området ein del av ein viktig region med tanke på reiseliv. Bilturistar køyrer gjennom området, men sjølve tiltaksområdet har ikkje mange bedrifter og attraksjonar innanfor reiselivet.

7.9.2 Verknader

Regulering av mange vatn vil påverke landskapsopplevinga, og alle magasinane i Svelgen I ligg i område som vert nytta til turgåing. I tillegg kan låge vasstandar medføre ulemper for båtferdsel. Inngrep som tippar og andre synlege spor etter utbygginga ligg inntil stiar, men det er få av inngrepa er synlege på avstand eller påverkar landskapet i særleg stor grad.

Det er eit godt samarbeid mellom Svelgen Kraft og Svelgen jeger og fiskeforbund. Svelgen Kraft har stilt fiske i alle magasin til fri disposisjon ved løysing av fiskekort både for stang- og garnfiske. Det same gjeld fri bruk av naust og båtar og tomter for hytter og naust som Svelgen JFF har bygt.

7.9.3 Konsekvensar ved nedlegging av kraftverka

Ved ei nedlegging av kraftverka vil konsekvensane bli samanliknbare med konsekvensane for tema landskap sidan store deler av tiltaksområdet ligg i område som er nytta til turar både sommar og vinter.

Særskilt for friluftsliv er at dei frivillige organisasjonane som Svelgen jeger og fiskeforeining og Keipen turlag kan vente seg mindre økonomisk og praktisk støtte frå Svelgen Kraft til drifting av hytter og naust i området. Dette vil vere ei ulempe for friluftslivorganisasjonane.

Ved tilbakeføring av naturleg vassføring til Svelgsfossen vil det ikkje vere mogeleg å nytte klatrefeltet i Storefossen. Feltet er likevel ikkje mykje nytta, og det er mange andre klatrefelt i området.

7.10 Samfunn og kommunal økonomi

7.10.1 Dagens situasjon

7.10.1.1 Kraftproduksjon og kraftleveringsavtale

Stortinget har i vedtak av 16. juni 1999 og 14. juni 2000 gjort vedtak om leigeavtale for Svelgen I og II fram til 31. desember 2030. Avtalen gjeld leige av Svelgen I og II og kraftlevering av 233 GWh/år. Krafta er øymerka smelteverket i Svelgen, Elkem Bremanger.

Det er inngått avtale mellom Statkraft og Svelgen Kraft AS om overtaking av Svelgen 1 og 2. Avtalen er no til godkjenning hos styresmaktene.

7.10.1.2 Levering av kjølevatn og drikkevatt

Bremanger kommune tek ut vatn til drikkevassforsyning frå smelteverkets pumpestasjon ved avløpstunnelen for Svelgen II.

7.10.2 Sysselsetjing

Det er ca. 200 årsverk på smelteverket. I tillegg er det aktivitet knytta til drift og vedlikehaldsavtalar med lokale firma, totalt ca. 50 årsverk. Drift-og vedlikehaldsgruppa i Svelgen har i dag 9 tilsette. Dei har sitt hovudarbeid med drift- og vedlikehaldsoppgaver for kraftverka, i tillegg deler av Elkem sitt høgspontanlegg. Om lag 4 årsverk er knytt til drifta av Svelgen I og II.

7.10.3 Kommunal økonomi

7.10.3.1 Konsesjonskraft og andre kommunale ytingar

Svelgen Kraft er pålagt å levere konsesjonskraft tilsvarande 4184 MWh for Svelgen I og 16376 MWh for Svelgen II, i alt ca. 20,5 GWh. Prisen i 2013 var 10,86 øre/kWh, og differansen mellom områdeprisen og konsesjonskraftprisen var ca. 18,4 øre/kWh som er kommunenes netto.

Vidare har Bremanger kommune hatt rett på 1/3 av heimfallsoppgjeret etter heimfall til staten. Ved sal av Svelgen I og II til Svelgen Kraft i 2014 går såleis 1/3 av salsverdien til Bremanger kommune.

Frikraftytingar i Ålfoten utgjer ca. 13,3 MWh og samla frå Svelgen I og II ca. 159,2 MWh pr. år.

7.10.3.2 Konsesjonsavgifter

Samla konsesjonsavgifter frå Svelgen I og II utgjer ca. 1,7 mill. kr pr. år.

7.10.3.3 Skatteinntekter

Kraftverka betalar kommunal eigedomsskatt for dei fire kraftverka Svelgen I og II, Straumane og Fossekalen. I 2012 var samla beløp 4,1 mill. kr. Beløpet varierer med produksjonen og prisane på kraftmarknaden.

Svelgen I og II betalar og naturressursskatt til kommunen og fylkeskommunen, høvesvis 1,1 og 0,2 øre/kWh. Samla beløp i 2012 var 3,3 mill. kr.

